

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: tirsdag 30. januar 2024
Tid: kl. 14.00
Sted: Etne tinghus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 979
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at varamedlem kan bli innkalla.
Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

I etterkant av møtet inviterer Rogaland Revisjon til dialogmøte for å få innspel i arbeidet med ny risiko- og vesentleganalyse.

SAKLISTE:

01/24 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.11.23

02/24 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»

03/24 Rogaland Revisjon IKS - om revisor si rolle og ansvarsområde

04/24 Plan for orienteringar frå administrasjonen

05/24 Årsmelding for kontrollutvalet 2023

06/24 Referat- og orienteringssaker

Ymse

Aksdal, 23.01.24

Kurt B. Hagen
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.01.24	01/24
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.11.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Etne kontrollutval 22.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møtet 22.11.23

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 22.11.23 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og førebels godkjent av leiar i etterkant av møtet og er sendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen blir formelt godkjent i dette møtet.

Aksdal, 23.01.24

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **22. november 2023** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kurt Birger Hagen.

MØTESTAD:	Etne tinghus, møterom Engasjert
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 12.00 – kl. 14.05
MØTANDE MEDLEMER:	Kurt Birger Hagen (INP), Tollef Rullestad (Ap), Kjell Tore Klungland (V) og Gerd Skumsnes Sørhus (Krf)
FORFALL:	Anna Rødne Gjerde (Frp)
FRÅTREDEN:	1. vara Margareth Bull-Tornøe måtte fråtre før møtet blei sett, då ho er tilsett som vikar i kommunen
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Revisor Tore Kristensen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 15/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.09.23****Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Etne kontrollutval 13.09.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.23:

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.23:

Protokoll frå møtet i Etne kontrollutval 13.09.23 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 16/23 KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Etne kontrollutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgaver og ansvar til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.23:

Utvalssekretær orienterte om utvalet sine ulike oppgaver, mandat og ansvarsområde.

Sekretæren svara på spørsmål frå medlemmene. Utvalet hadde ingen merknadar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.23:

Etne kontrollutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgaver og ansvar til orientering.

SAK 17/23 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2023**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Etne kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 22.06.23, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.23:

Revisor viste til dei skriftlege erklæringane. Utvalet hadde ingen merknadar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.23:

Etne kontrollutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 22.06.23, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 18/23 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2023**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Etne kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2023 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.23:

Revisor viste ein presentasjon og hadde ei grundig orientering om revisjonsstrategien. Han forklarte mellom anna om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar, planlagde angrepsvinklar og om forenkla etterlevingskontroll. Revisor viste også nokre nøkkeltal for kommunen og svara på spørsmål frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.23:

Etne kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2023 til orientering.

SAK 19/23 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERINGAR OG PLANAR FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2023 - 2027 FOR ETNE KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023-2027 for Etne kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektmandat/ med desse endringane. Ramma vert sett til 115 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.23:

Sekretær og revisor gjorde greie for bakgrunn for saka og prosjektmandatet.

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.23:

Etne kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023-2027 for Etne kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektmandat.

Ramma vert sett til 115 timar.

SAK 20/23 MØTEPLAN FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2024:

måndag 19. februar, 13. mai, 16. september og 25. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.23:

Leiar og sekretær gjorde greie for framlegget. Leiar informerte om at framlegget til møtedatoar ikkje passa inn med hans arbeidsturnus.

Medlemmene blei einige om nye møtedatoar, og var samde om å flytte møtetidspunktet til kl. 14.00.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.23:

Etne kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2024:

tysdag 30. januar, 21. mai, 24. september og 19. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 21/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

19. Statusrapport pr. november 2023
20. KST-vedtak 03.10.23, sak 53/23 – val av kontrollutval 2023-2027
21. KST-vedtak 26.09.23, sak 64/23 – oppfølging av revisjonsrapport
22. Innkalling til representantskapsmøte 08.12.23 – Haugaland Vekst IKS
23. Invitasjon til dagskonferanse i Sandnes 18.01.24
24. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 31.01 – 01.02. februar – sjå www.nkrf.no
25. Invitasjon til folkevaldopplæring på Solstrand hotell 13. – 14. februar 2024
26. «Kontrollutvalget er verken klageinstans eller domstol» – Kommunal rapport 24.07.23
27. «Kommunestyret må kjenne sitt kontrollansvar» – Kommunal rapport 19.09.23

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.23:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalet drøfta om dei skulle reise på konferansar og kva som skulle prioriterast. Medlemmene gir beskjed til sekretariatet om dei ønskjer å delta på konferansar.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.23:

Referatsakene 19 – 27 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag 30.01.24 – kl. 14.00

Saker: revisjonsrapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning», årsmelding for 2023, arbeid med ROV-analysen og plan for orienteringar.

Etne/Aksdal, 22.11.23

Kurt Birger Hagen
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.01.24	02/24
Kommunestyret		
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 4 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Saksvedlegg: «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» - rapport frå Rogaland Revisjon

Bakgrunn

I plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 for Etne kommune var revisjon av «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» høgt prioritert.

Kontrollutvalet starta våren 2023 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. I møtet den 15.02.23, sak 02/23 gjorde utvalet følgjande vedtak:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» i samsvar med prosjektmandat dagsett 16.12.22.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 250 timar.

Føremål:

Føremålet med prosjektet er å undersøkje korleis skulane, i samarbeid med PP-tenesta, arbeidar med tilpassa opplæring og spesialundervisning

Problemstillingar:

Forvaltningsrevisjonen skulle svara på fylgjande problemstillingar:

- *Korleis fungerer prosessen frå det blir avdekka at ein elev har behov for ekstra støtte, til eleven eventuelt blir tilvist til PPT?*
- *Kva rutinar har skulen for å fanga opp elevar som har behov for ekstra støtte?*
- *I kva grad sett skolen på eit tidleg tidspunkt inn tiltak for elevar innanfor det allmennpedagogiske?*
- *I kva grad følger skulen dei formelle krava til enkeltvedtak, utarbeiding av IOP og årsrapport, for elevar som får spesialundervisning?*
- *I kva grad bidrar PPT i skulens førebyggjande arbeid?*

Rogaland Revisjon har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapporten er verifisert og kommunedirektøren si tilbakemelding er innarbeida i rapporten. Rapporten blei mottatt av sekretariatet 17.01.2024, og følgjer som vedlegg.

Rapporten

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen av revisor sine funn og tilrådingar. På dei fyrste sidene i rapporten finn ein føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria. Rapportens hovudinnhald vert presentert i kapittel 1.1 – 1.6. Kommunedirektøren sin uttale er tatt inn i på sidene 10 – 11.

Revisor skriva at deira hovudinstrykk er at:

For å sikra alle elevar eit tilfredsstillande læringsutbytte har Etne kommune utarbeida detaljerte rutinar som involverer både skule, PPT og elev/ føresette. Men kommunen har eit forbettringspotensiale når det gjeld å følgje desse rutinane. Kommunen kan bli betre til å dokumentere resultat frå kartleggingar, kva tiltak som er sett inn, korleis undervisninga skal innrettast og om behovet for spesialundervisning framleis er til stades.

Vår gjennomgang av 19 tilfeldig valde saker om spesialundervisning ved Enge og Skånevik skule skuleåret 2022/23, syner fleire manglar. I seks av 19 saker har det gått svært lang tid frå sakkyndig vurdering låg føre, til vedtak blei fatta. Vi ser også at i fleire saker manglar ein individuell opplæringsplan, og berre eit fåtal er utarbeida innan fristen til kommunen. Per august 2023 er det utarbeidd årsrapport i 12 av 19 saker. I ti av desse er det sagt noko om i kva grad eleven framleis vil ha behov for spesialundervisning.

Ressurssituasjonen tilseier at skulane i Etne har gode forutsetningar for å vere tett på elevane og oppdaga elevar som heng etter. Dette gjeld også elevane på dei lågaste trinna, som jo er i startfasen av skulegangen. Tal frå GSI viser at Etne-skulen er kjenneteikna av høg lærartettleik og tilfredsstillande kompetanse. Vi ser også at samanlikna med snittet i Vestland fylket og landet, har Etne kommune ein tydelegare dreining av ressursinnsatsen inn mot dei lågaste trinnal.

Revisor har følgjande tilrådingar:

1. *Sørge for at vedtak om spesialundervisning blir fatta innan gjeldande frist.*
2. *Sørge for at alle elevar med vedtak om spesialundervisning får utarbeida ein individuell opplæringsplan til rett tid.*
3. *Sørge for at alle elevar med vedtak om spesialundervisning får utarbeida ein årsrapport til rett tid, og at rapporten seier noko om eleven framleis vil ha behov for spesialundervisning.*
4. *Tydeleggjera korleis tiltak skal dokumenterast i Stafettlogg og gjennom pedagogisk analyse.*

Uttale frå kommunedirektøren

Kommunedirektøren har gitt eit utfylljande høyringssvar, sjå side 10 - 11 i rapporten. Han har kommentert fleire av revisor sine tilrådingar og skriv avslutningsvis følgjande:

Me har hatt ein grundig gjennomgang av rapporten, men har vore i større grad opptatt av status i dag. For å sikre ein ryddig gjennomgang av høyringsutkastet til forvaltningsrevisjonen, blei det laga ei sjekkliste (som er lagt i rapportens sin vedleggsdel). Det har i haust vore gjort eit arbeid med å systematisera arbeidet, gjere om på malar og rutinar, slik at desse kan vere til større hjelp i ein travel skulekvardag. I rapportens vedleggsdel er det også lagt ved nokre reviderte planar og malar.

Konklusjon

Sekretariatet har gjort ei vurdering av at rapporten er av god kvalitet i henhald til standardkrava til forvaltningsrevisjonsrapporter (RSK001), og at den er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling og vedtatt prosjektplan. Val av revisjonskriterier er relevante sett opp mot problemstillingane. Revisor si vurderingar og tilrådingar er vidare basert på innsamla materiale, revisjonskriteriene og dei metodiske avgrensingane.

Resultatet etter forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har forbedringspotensiale i og med at undersøkinga avdekkjer nokre forbedringsområde. Sekretariatet vil på den bakgrunn tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir følgt opp.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli følgt opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørgje for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert følgt opp. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

Sekretariatet vil tilrå at det blir sett ein frist på ni månader for kommunedirektøren til når kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding om status for tilrådingane.

Aksdal, 23.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

Rapport frå forvaltningsrevisjon

Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Etne kommune, 2023



INNHALD

Oppdraget.....	3
Samandrag.....	4
Kommunedirektøren sin kommentar	10
1 Fakta og vurderingar	12
1.1 Metodisk tilnærming.....	12
1.2 Kva rutinar skulen har for å fanga opp elevar med behov for ekstra støtte.....	12
1.3 I kva grad skulen på eit tidleg tidspunkt sett inn tiltak innanfor det allmennpedagogiske.....	17
1.4 I kva grad bidrar PPT i skulens førebyggjande arbeid?27	
1.5 Korleis prosessen fungerer, frå avdekt behov til tilvising	31
1.6 I kva grad formelle krav til enkeltvedtak, IOP og årsrapport blir fulgt.....	34
Vedlegg	41

OPPDRAGET

Bestilling:

Kontrollutvalet i Etne kommune bestilte i møte 14.11.2022 ein forvaltningsrevisjon om tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Føremål:

Føremålet med prosjektet er å undersøkje korleis skulane, i samarbeid med PP-tenesta, arbeidar med tilpassa opplæring og spesialundervisning

Problemstillingar:

- Korleis fungerer prosessen frå det blir avdekka at ein elev har behov for ekstra støtte, til eleven eventuelt blir tilvist til PPT?
- Kva rutinar har skulen for å fanga opp elevar som har behov for ekstra støtte?
- I kva grad sett skolen på eit tidleg tidspunkt inn tiltak for elevar innanfor det allmennpedagogiske?
- I kva grad følger skulen dei formelle krava til enkeltvedtak, utarbeiding av IOP og årsrapport, for elevar som får spesialundervisning?
- I kva grad bidrar PPT i skulens førebyggjande arbeid?

Prosjektleiar for dette prosjektet har vore forvaltningsrevisor Frode K. Gøthesen. Rapporten er kvalitetssikra av oppdragsansvarleg innan forvaltningsrevisjon, Svein Kvalvåg.

SAMANDRAG

Føremålet med prosjektet

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje korleis skulane, i samarbeid med PP-tenesta, arbeidar med tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Hovudinntrykk

For å sikra alle elevar eit tilfredsstillande læringsutbytte har Etne kommune utarbeida detaljerte rutinar som involverer både skule, PPT og elev/ føresette. Men kommunen har eit forbettringspotensiale når det gjeld å følgje desse rutinane. Kommunen kan bli betre til å dokumentere resultat frå kartleggingar, kva tiltak som er sett inn, korleis undervisninga skal innrettast og om behovet for spesialundervisning framleis er til stades.

Vår gjennomgang av 19 tilfeldig valde saker om spesialundervisning ved Enge og Skånevik skule skuleåret 2022/23, syner fleire manglar. I seks av 19 saker har det gått svært lang tid frå sakkyndig vurdering låg føre, til vedtak blei fatta. Vi ser også at i fleire saker manglar ein individuell opplæringsplan, og berre eit fåtal er utarbeida innan fristen til kommunen. Per august 2023 er det utarbeidd årsrapport i 12 av 19 saker. I ti av desse er det sagt noko om i kva grad eleven framleis vil ha behov for spesialundervisning.

Ressurssituasjonen tilseier at skulane i Etne har gode forutsetningar for å vere tett på elevane og oppdaga elevar som heng etter. Dette gjeld også elevane på dei lågaste trinna, som jo er i startfasen av skulegangen. Tal frå GSI viser at Etne-skulen er kjenneteikna av høg lærartettleik og tilfredsstillande kompetanse. Vi ser også at samanlikna med snittet i Vestland fylket og landet, har Etne kommune ein tydelegare dreining av ressursinnsatsen inn mot dei lågaste trinna¹.

Kva rutinar skulen har for å fange opp elevar med behov for ekstra støtte

Etne kommune har utarbeidd ein administrativt vedtatt rutine kalla «Kvalitetssikring av utbyttet til elevane». I kommunen sin rutine finn vi «Samhandlingshjulet», som gir ei detaljert skildring av korleis skulen og PPT skal gå fram overfor elevar som har behov for ekstra støtte. Modellen gir føringar for korleis skulen og PPT skal samarbeide gjennom heile prosessen, som ofte startar med uro for ein elev. Neste steg vil vere kartlegging og utarbeiding av sakkunnig vurdering, som så kan resultere i vedtak om spesialundervisning og iverksetting av tiltak. Siste steg vil vere oppsummering og evaluering av dei tiltak som er satt i verk.

¹ Målt i prosentdel årstimar brukt på spesialundervisning kontra ordinær undervisning

I kva grad skulane sett inn tiltak innanfor det allmennpedagogiske på eit tidleg tidspunkt

Skulane startar tidleg arbeidet med å avdekka elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, nærmare bestemt allereie i overgangen frå barnehage til skule. Gjennom bruk av kartleggingsprøvar jobbar skulane for å avdekka elevar med behov for særskilt tilrettelegging på eit tidleg tidspunkt.

For å tilpassa opplæringa nyttar lærarane varierte undervisningsformer, som blir vald ut i samarbeid med spesialpedagogisk ansvarleg, avdelingsleiar og/eller rektor. Elevane blir delt inn i grupper etter nivå, kor både innhald og val av læremidlar blir tilpassa individuelt. Skulane legg vekt på å gi elevane jamlege tilbakemeldingar undervegs, blant anna gjennom utviklingssamtalar mellom lærar, elev og føresette.

Tal henta frå GSI viser at Etne-skulen er kjenneteikna av høg lærartettleik og tilfredsstillande kompetanse. Høg lærartettleik gir lærarane høve til å vera tettare på elevane. Samtidig vil lærarane sin kompetanse påverka deira evne til å oppdaga elevar som heng etter. Ifølgje tal frå Utdanningsdirektoratet oppfyll Etne kommune norma for lærartettleik på både 1.- 4. trinn (15 elevar per lærar) og 5.- 7.trinn (20 elevar per lærar). Lærartettleiken ligg omtrent likt med snittet for Vestland på 1.-4.trinn, og noko over på 5.-7.trinn.

Ressurssituasjonen tilseier at skulane i Etne har gode forutsetningar for å vere tett på elevane. Dette gjeld også blant elevane på dei lågaste trinna, som jo er i startfasen av skulegangen. Vi ser også at lærarane oppfyll gjeldande kompetansekrav. Skuleåret 2022/23 var prosentdel årstimar gitt av personale med godkjent utdanning på 98,5 prosent, medan landssnittet låg på 94,9 prosent².

I kva grad PPT bidrar i skulane sitt førebyggjande arbeid

Skulane opplev PPT som ein viktig bidragsytar i det forebyggjande arbeidet. Dei intervjuar på skulane og i PPT fortel om eit tett og godt samarbeid, med låg terskel for å ta kontakt. Kvar skule har ein fast kontaktperson i PPT, og faste møter ein gong i månaden kor representantar frå PPT er til stades. Etter vår vurdering legg dette forholda til rette for at PPT kan bidra i arbeidet med tidleg innsats, førebygging og tilpassing av opplæringa.

Det førebyggjande arbeidet har nyleg blitt styrka med oppretting av ei ressursgruppe på kvar skule og i kvar barnehage, kor også skulehelsetenesta er representert. Føremålet med dette er å sjå

² Kjelde: GSI – Grunnskulane sitt informasjonssystem

sakene i eit større perspektiv. Samstundes fordrar tiltaket at skulane tar ei aktiv rolle og melder inn saker som er i ei startfase, slik at PPT kan ta del i det førebyggjande arbeidet.

Både PPT og skulane stadfester i intervju at PPT tilbyr bistand til skulen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Her er målet at skulane skal bli betre til å tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet i tråd med føresetnadene til elevane. PPT tilbyr kurs innanfor eit breitt spekter av emne som skulane opplev som relevante. Generelt opplev skulane PPT som tilgjengelege og kompetente.

Korleis prosessen fungerer frå avdekt behov til tilvising

Ved mistanke om eller ved bekymring for manglande læringsutbytte blir kontaktlærar, spesialpedagogisk koordinator og rektor involvert, og skulane gjennomfører samtalar med elev og føresette før kartlegginga startar. Dette er i tråd med Etne kommune sin eigen rutine, «Kvalitetssikring av elevanes læringsutbytte», som gir nærmare føringar for korleis skulane og PPT skal samarbeide. Deretter blir tiltak prøvd ut. Men i kva grad desse blir dokumentert, varierer.

I høve til kommunen sin rutine skal skulane nytte kommunens elektroniske løysing for dokumentasjon kalla Stafettlogg. I våre intervju kjem det fram at skulane er noko usikre på i kva saker loggen skal nyttast og i kva omfang tiltaka skal dokumenterast. Trass i opplæring i bruk av Stafettlogg, ser det ut til å vere eit behov for meir informasjon og opplæring.

Det same ser ut til å gjelde bruk av Pedagogisk analyse, som kommunens rutine «Kvalitetssikring av elevanes læringsutbytte» også stiller krav om. Ein pedagogisk analyse er ein systematisk tilnærmingssmåte for å koma fram til kva som skal gjerast, val av tiltak og korleis tiltaka skal evaluerast. Analysen skal vere skriftleg, og gi opning for å trekke inn og skildra alle element som gjer seg gjeldande i saka. Vår gjennomgang av enkeltsaker og tilbagemeldingar i intervju avdekkar at skulane i varierende i grad utarbeider ein slik analyse.

I intervju framhev skulane at dei har oversikt over elevanes læringsutbytte og at dei sett inn nødvendige tiltak ved behov, men at dei kan bli betre til å dokumentere arbeidet gjennom bruk av Stafettlogg og Pedagogisk analyse. Vår tilråding er at kommunen styrkar både informasjon og

opplæring i bruk av Stafettlogg og Pedagogisk analyse, slik at ein får til ein betre prosess frå avdekt behov til tilvising³.

I kva grad formelle krav til enkeltvedtak, IOP og årsrapport blir følgt

I samband med prosjektet har vi gjennomgått til saman 19 saker kor eleven har fått vedtak om spesialundervisning i skuleåret 2022/23⁴. I desse sakene har vi kontrollert formelle krav knytt til utarbeiding av enkeltvedtak, IOP og årsrapport.

I vår gjennomgang finn vi at skriftleg samtykke er innhenta i alle sakene, og at samtykket er innhenta før tilvising til PPT. I 13 av 19 saker er enkeltvedtak utarbeida kort tid etter at den sakkunnige vurderinga var ferdig. Det vil seie innanfor et tidsrom på 3-4 veker. Dei resterande sakene fordel seg på begge skulane. Her ser vi at det har mykje lengre tid. Til dømes vart eit enkeltvedtak der sakkunnig vurdering låg føre 30.03.2020 først fatta 14.07.2022, noko som er over to år seinare.

Begge skulane framhev i intervju at sjølv om det formelle ikkje har vore på plass, har elevane likevel fått tilpassa opplæring. Men etter vår vurdering er dette alvorleg, då eleven ikkje formelt har fått sin rett til spesialundervisning oppfylt i tide. Her har Etne kommune eit klart forbettringspotensiale.

I alle enkeltvedtaka som er fatta finn vi ei skildring av kva fag eleven skal ha spesialundervisning i. I tillegg finn vi tal på timar og kva kompetanse utførar skal ha (spesialpedagog, fagarbeidar eller annan kompetanse). Dessutan seier vedtaka noko om korleis opplæringa skal organiserast. Dette viser at skulane tar aktivt stilling til desse spørsmåla i sine vedtak.

Vidare ser vi at det er samsvar mellom talet på timar med spesialundervisning i vedtaket og talet på tilrådde timar i den sakkunnige vurderinga i dei fleste sakene. I nokre enkeltvedtak er det innvilga *fleire* timar enn kva som er tilrådd av PPT, utan at dette er nærmare grunngjeve. I intervju framhev skulane at sidan elevane får meir og ikkje mindre enn kva PPT tilrår, er dette innafor lovens krav. Dette er også vår oppfatning. Det er skulen v/ rektor som kjenner eleven og ressursituasjonen best, og rektor må difor kunne ha eit visst handlingsrom utan at dette treng

³ I høyringsrunden får vi opplyst at dette er i samsvar med ei tilråding som blei gitt etter ei kartlegging gjennomført hausten 2023, og som ligg til grunn for ein nyleg utarbeida handlingsplan som er utarbeida i samband med Kompetanseløftet.

⁴ Med 405 elevar på Enge skule og 105 på Skånevik, har vi vald ut 12 saker frå Enge og 7 saker frå Skånevik.

grunngevest. Vår gjennomgang syner også at alle vedtaka inneheld opplysningar om klagemoglegheiter.

I høve til kommunen sin eigen rutine skal det overfor elevar med vedtak om spesialundervisning utarbeidast ein individuell opplæringsplan (IOP). Vår gjennomgang syner at det manglar ein slik plan i 4 av 19 saker. At skulane har gløymt å utarbeida ein slik plan er ikkje tilfredsstillande. Også her ser vi eit forbettringspotensial. Den individuelle opplæringsplanen er viktig å få på plass sidan den skildrar både mål, innhald og organisering av spesialundervisninga, forutan progresjon og skulens fortløpande vurderingar av eleven. Og den er i så måte eit viktig verktøy i samarbeidet mellom skule, elev og føresette. Etne kommune har sjølv satt som frist 3 veker eller uke 40⁵ for når den individuelle opplæringsplanen skal vere utarbeida. Vår gjennomgang viser at fristen er halde i berre 4 av 19 saker. Her ser vi også eit forbettringspotensial.

I høve til kommunen sin eigen rutine skal skulen utarbeida ein årsrapport for alle elevar med vedtak om spesialundervisning. Kommuneleiinga opplys i intervju at fast praksis er at rapportane skal vere klare før sommarferien, og at dette gjeld elevar som har hatt vedtak om spesialundervisning det avsluttande skuleåret. I vår gjennomgang av elevar med vedtak om spesialundervisning skuleåret 2022/23 ser vi at det per august 2023 er utarbeidd årsrapport innan gjeldande frist i 12 av 19 saker.

Dette viser at kommunen kan bli betre også her. Årsrapporten er eit viktig dokument for å få oversikt over kva opplæring eleven har fått og utviklinga til eleven. Opplysningane kan hjelpe både skulen, eleven og føresette til å sjå om opplæringstilbodet er tilpassa elevens behov og mål.

I alle dei 12 årsrapportane som er utarbeidd finn vi ei skildring av i kva grad skulen ser det som naudsynt å revurdere kompetanse- og læringsmåla. I to av rapportane er det ikkje sagt noko om i kva grad eleven framleis vil ha behov for spesialundervisning. Etter vår vurdering er det viktig at årsrapporten seier noko om framtidig behov. Er behovet for spesialundervisning framleis til stades, kan vurderinga i årsrapporten danne grunnlag for å justere det vidare arbeidet, anten det gjeld innhald, arbeidsmetodar eller organisering. Dette er viktig for å sikra eleven eit tilfredsstillande læringsutbytte.

Våre tilrådingar

Revisjonen tilrår Etne kommune å:

- Sørge for at vedtak om spesialundervisning blir fatta innan gjeldande frist.

⁵ Uke 40 gjeld for nye vedtak som er fatta i forkant av nytt skuleår.

- Sørge for at alle elevar med vedtak om spesialundervisning får utarbeida ein individuell opplæringsplan til rett tid.
- Sørge for at alle elevar med vedtak om spesialundervisning får utarbeida ein årsrapport til rett tid, og at rapporten seier noko om eleven framleis vil ha behov for spesialundervisning.
- Tydeleggjera korleis tiltak skal dokumenterast i Stafettlogg og gjennom pedagogisk analyse.

KOMMUNEDIREKTØREN SIN

KOMMENTAR

Hausten 2023 er det nye leiarar ved skulane, og dei har ikkje vore med å skrive dei vedtaka som har vore ein del av denne revisjonen. Det er også ny leiar ved PPT. Skuleeigar har hatt ein gjennomgang av høyringsutkastet på rapporten frå forvaltningsrevisjonen, saman med nye leiarar, før denne kommentaren blei skrive.

Rutinane har vore på plass, og det har vore ei god evaluering i løpet av hausten, men det har ikkje vore eit godt nok systematisk arbeid rundt dette tidlegare. Skuleeigar har lagt opp til arbeidsøker og minna om, men har ikkje i stor nok grad sjekka opp i kva grad ein har etterlevd rutinane. Det er positivt med revisjonar, og mykje av det som er påpeika i rapporten er i løpet av hausten på plass.

Dei nye leiarane kjenner seg ikkje igjen i alt det som står i høyringsutkastet. I løpet av hausten har dei brukt tid i personalet til gjennomgang av rutinar og planar, så dei tenkjer at dette skal vere kjent for alle. Det står at PPT har lyst til å bidra meir, og spesielt i systemarbeid og i det førebyggjande. Dette ynskjer skulane og, og det har i løpet av hausten vore lagt vekt på rolleforståing, samarbeid og ei felles forståing i arbeidet til det beste for alle barn og unge. Det handlar om laget rundt våre barn og unge, og arbeidet i ressursgruppene.

Ressursgruppene er i gang, og skulane har hatt ein struktur og ein møteplan, men PPT har ikkje funne tid til alle møta. Det er eit mål for PPT at dei kommande haust set av meir tid til å vere ute i einingane. Det er ein balansegang mellom tid til arbeid med individsaker som har kome inn, og arbeid i det førebyggjande, ute i einingane. Leiarane ved skulane er leiarar i ressursgruppene, og ser at det er ei god organisering. Dei ser også at det trengs øving for at ein skal bli gode saman i samhandlinga. Begge skulane har i haust meldt inn systemsaker og har brukt pedagogisk analyse i arbeidet.

Den eine skulen seier at det kunne vore ei betre bruk av Stafettlogg, men at ein har møtt motstand frå heimen til elevane, og at ein difor ikkje har satt dette i gang i alle saker. Frå kommunen si side har det dei siste åra vore eit ståande tilbod om opplæring, der ein også har hatt pålagt opplæring, men me ser at me må få tak i årsaka til at dette ikkje er betre. Det vil i tida som kjem vere tydlegare frå skulen at det er dette verktøyet ein skal bruka. Viss ein likevel får motstand, skal ein bruka det tiltaksskjemaet ein hadde i bruk før, for å sikra at det ein gjer, blir dokumentert.

Stafettloggen er eit verktøy som skal sikra at samhandlinga blir synleg for dei som er med, og det skal ofte arbeidast med noko i eininga, men også heime.

Alle leiarane har lest ei bok i løpet av sommaren som går på dette med pedagogisk analyse. Den eine skulen har også denne boka som samlesing denne hausten.

Skulane har ein tett og god dialog med kommunen og det har blitt lagt opp til opplæring og kompetanseutvikling også gjennom hausten. I leiarmøte har det vore fokus på å setja eit mål for arbeidet ein har for å få fleire i barn og unge til å få eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga. Skulane har leiarar som veit det er dei som har ansvaret, og at PPT skal vera rådgjevande. Det betyr at det ikkje er PPT åleine som har svaret, men at dei kjem med råd. Ressursgruppene vil vere viktige å få til på ein god måte, og her er alle einingane i gang.

Me har hatt ein grundig gjennomgang av rapporten, men har vore i større grad opptatt av status i dag. For å sikre ein ryddig gjennomgang av høyringsutkastet til forvaltningsrevisjonen, blei det laga ei sjekkliste (som er lagt i rapportens sin vedleggsdel). Det har i haust vore gjort eit arbeid med å systematisera arbeidet, gjere om på malar og rutinar, slik at desse kan vere til større hjelp i ein travel skulekvardag. I rapportens vedleggsdel er det også lagt ved nokre reviderte planar og malar.

1 FAKTA OG VURDERINGAR

1.1 METODISK TILNÆRMING

I prosjektet har vi gjennomført dokumentanalysar på både kommune- og skulenivå. For å undersøka nærmare korleis skulane i kommunen arbeider med tilpassa opplæring og spesialundervisning, har vi gjennomført intervju med skuleleiinga og eit utval tilsette ved Skånevik og Enge skule, i tillegg til representantar frå kommuneleiinga og leiar for PPT⁶. Vi har også gjennomført ei mappegjennomgang av eit tilfeldig utval elevar med vedtak om spesialundervisning. Her har vi gjennomgått 19 saker av ein total populasjon på 46 skuleåret 2022/23. For å få eit tilfeldig utval har vi bedt om å få dei sist daterte enkeltvedtaka.

Mandatet for prosjektet inneheld både deskriptive og normative problemstillingar. Eit døme på ei deskriptiv problemstilling er «Kva rutinar har skulen for å fanga opp elevar som har behov for ekstra støtte?» Her er hensikta å beskriva kva rutinar skulen har for å avdekka elevar med behov for tilrettelegging/spesialundervisning, og i mindre grad vurdere arbeidet mot kriterium utleidd av autoritative kjelder. «I kva grad følger skulen dei formelle krava til enkeltvedtak, individuell opplæringsplan og årsrapport for elevar som får spesialundervisning?» er eit døme på ei normativ problemstilling, der praksisen til kommunen blir vurdert opp mot føringar i lov og kommunale styringsdokument.

Det er vår oppfatning at opplysningane rapporten byggjer på er pålitelege og gyldige, og at dei gir eit godt grunnlag for vurderingar og tilrådingar.

1.2 KVA RUTINAR SKULEN HAR FOR Å FANGA OPP ELEVAR MED BEHOV FOR EKSTRA STØTTE

1.2.1 RUTINE FOR KVALITETSSIKRING AV UTBYTTET TIL ELEVANE


Etne kommune har utarbeidd ein administrativt vedtatt rutine kalla «Kvalitetssikring av utbyttet til elevane». Rutinen ble utarbeidd i 2017, revidert juni 2022, og gjeld fram til juni 2026. Målet er å gi eleven eit tilfredsstillande læringsutbytte innanfor dei rammene skulen har, både når det gjeld tilpassing av undervisninga, organisering og rammefaktorar. Dette handlar om;

⁶ I høve til opplæringslova § 5-6 skal kvar kommune ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen. Etne kommune har vald å kjøpe PP-tenester frå Vindafjord, som er vertskommune for tenesta og som har arbeidsgivaransvaret for dei tilsette.

- Tilpassing av gruppestorleik og vaksenressursar
- Val av metodikk for undervisning i klasserommet
- Rutinar for kartlegging
- Tilpassing av lærestoff og bruk av vurdering for læring
- Val av læremiddel og hjelpemiddel
- Skulen sitt arbeid for å sikra eit trygt og triveleg elev- og klassemiljø

I kommunen sin rutine «Kvalitetssikring av utbyttet til elevane» finn vi «Samhandlingshjulet», kor kommunen går nærmare inn på korleis skulen og PPT skal gå fram overfor elevar som har behov for ekstra støtte. Modellen gir føringar for korleis skulen og PPT skal samarbeide, og skisserer seks ulike fasar i arbeidet med å sikra elevane eit tilfredsstillande læringsutbytte. Samhandlingshjulet seier kva skulen skal gjere for elevar som heng etter, og kva som skal setjast i verk før vedkommande eventuelt blir tilvist til PPT. Ved uro for ein elev, startar første fase oppe til høgre i modellen;

Figur 1 – «Samhandlingshjulet», henta frå Etne kommune sin rutine Kvalitetssikring av utbyttet til elevane



(Kjelde: Kvalitetssikring av utbyttet til elevane, intern rutine)

Vi vil her gi ein kort presentasjon av nokre av dei ulike fasane i Samhandlingshjulet;

Fase 1 – Utprøving og dokumentasjon av tiltak

Av Samhandlingshjulet går det fram at ved mistanke om eller ved bekymring for manglande læringsutbytte, skal skulen utføre fleire oppgåver i samarbeid med PPT. Desse oppgåvene er markert i blå farge i figuren. Skulen skal mellom anna å vurdere og prøve ut tiltak kor siktemålet er å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, før ei eventuell tilvising til PPT. Etter tilvising er det PPT sin oppgåve å utføre fire steg, markert i beige i figuren, før skulen gjennomfører dei tre siste stega.

I høve til Samhandlingshjulet er første steg å informere kontaktlærer, spesialpedagogisk koordinator og rektor. Deretter skal skulen kartlegginga, observera og utarbeida ein av pedagogisk analyse i samarbeid med PPT. Den pedagogiske analysen skal vere eit skriftleg

dokument, der det er opning for å trekke inn og gi ei skildring av alle element som gjer seg gjeldande i saka. I intervju blir det framheva at her gjeld det å sjå heile biletet og alle forhold som påverkar situasjonen. Analysen skal såleis bidra til å sjå utfordringane frå ulike perspektiv, anten det er tale om lærevanskar, åtferdsvanskar ellar andre vanskar. Den treng ikkje handla om berre ein elev, men ein slik analyse kan også utarbeidast overfor ei gruppe av elevar, får vi opplyst. Eit sentralt element er kartleggja slik at ein finn dei oppretthaldande faktorane. Det er desse som skal vere utgangspunkt for tiltaka.

Neste steg vil vere fastsetting av mål og tiltak som skal prøvast ut, med utgangspunkt i den pedagogiske analysen som er utført. Her framhev dei intervjuia i kommuneleiinga at det er viktig at PPT og skulen samarbeider tett, og at skulen koplar på føresette i kvar sak. Av modellen går det fram at tiltaka som blir prøvde ut skal registrerast i ein Stafettlogg, som er ein del av Etne kommune si digitale løysing knytt til BTI-modellen. Sistnemnde er ein samarbeidsmodell for tidleg intervensjon og tverrfagleg samarbeid om barn og unge det er knytt bekymring til. «BTI» står for Betre Tverrfagleg Innsats, og føremålet er å sikra ein heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga (Kjelde: Etne kommune).

Føresette blir gitt tilgang til eit elektronisk verktøy for registrering av tiltak og avgjersler kalla «Stafettlogg». Her har både elev/føresette og skulen høve til å leggje inn kva dei kan bidra med. I intervju blir det framheva at bruk av Stafettlogg er eit bevisst val for å få alle partar til å bidra i lag. Vi får opplyst at tiltak som hovudregel blir prøvde ut for ein periode på 4-6 veker, før ein vurderer om tiltaka gjer situasjonen til eleven betre.

Stafettloggen skal sikra at skulen har dokumentasjon på kva som er gjort for å ivareta eleven. I tillegg vil loggen gjere det mogleg å følgje utviklinga over tid og sjå kva som er oppnådd. Som det går fram av Samhandlingshjulet, vil siste steg i Fase 1 vere ei oppsummering av tiltak i eit samarbeidsmøte med skulen, PPT og føresette. Her vil rektor gi ein orientering til involverte partar om vegen vidare.

Fase 2 – Tilvising til PPT

Før tilvising til PPT skal saka vere kartlagt, tiltak skal vere prøvd ut og tiltak skal vere dokumentert. Desse tiltaka kan omhandla tilpassingar knytt til undervisning, rammefaktorar og organisering. Tilvisinga til PPT skal vere skriftleg og på eige skjema, og rektor er ansvarleg for at avtalt dokumentasjon er lagt ved.

Fase 3 – Utarbeiding av sakkyndig vurdering

Før PPT går i gang med si utgreiing med testing og observasjon, arrangerer PPT ein inntakssamtale med føresette/ elev. Etter at PPT er ferdig med sitt kartleggingsarbeid, og den

sakkunnige vurderinga tar form, er det fast praksis at PPT har eit møte med rektor om tildeling av ressursar. I denne fasen blir også føresette og representantar frå skulen kalla inn slik at PPT kan gi ei orientering om innhaldet i vurderinga. I dette møtet går PPT igjennom kva kartleggingar som er gjort, resultat av desse og kva tiltak PPT føreslår. I intervju med kommuneleiinga blir det framheva at praksisen sikrar at partane er førebudde på innhaldet, samstundes som PPT får høve til å gjere ein fakta-sjekk.

Ei sakkunnig vurdering kan konkludera med at eleven skal ivaretakast innanfor tilpassa ordinær opplæring etter opplæringslova § 1-3, *eller* at eleven har behov for spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Når PPT har utarbeida den sakkunnige vurderinga, blir denne sendt til rektor med kopi til føresette/ elev.

Fase 4 – Utarbeiding av enkeltvedtak

Det er rektor som avgjer om eleven har rett til spesialundervisning. Medan den sakkunnige vurderinga er rådgjevande, vil vedtaket sette rammene for opplæringa eleven skal få. I intervju presiserer kommuneleiinga at rektor skal fatta enkeltvedtak som er i samsvar med reglane i opplæringslova og forvaltningslova. Dette inneber at enkeltvedtaket skal seie noko om både omfang, organisering og kompetanse, i tillegg til klagerett. Dersom vedtaket avviker frå den sakkunnige vurderinga, skal dette grunngjevast⁷. Denne fasen blir avslutta ved at enkeltvedtaket blir sendt til elev/ føresette, med kopi til PPT.

Fase 5 – Planlegging og gjennomføring – utarbeiding av IOP

Alle elevar som får spesialundervisning skal få utarbeidd ein individuell opplæringsplan (IOP), som bygger på innhaldet i enkeltvedtaket. Dette krav går fram av Samhandlingshjulet Fase 5⁸.

I Etne er fristen for utarbeiding av IOP satt til tre veker etter at enkeltvedtaket er fatta, eller uke 40⁹. I intervju får vi opplyst at uke 40 gjeld for dei elevane som er kjende for skulen ved skulestart. IOP-en skal konkretisera og sette i verk enkeltvedtaket, og skal vere eit arbeidsverktøy for skulen og lærarane.

Fase 6 – Evaluering og vegen vidare

⁷ Dette kravet går fram av opplæringslova § 5-3.

⁸ Kravet følger også av opplæringslova § 5-5.

⁹ Jamfør tabell side 10 i Rutinen «Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte».

Som nemnd er Samhandlingshjulet ein del av Etne kommune sin rutine «Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte» kor målet med rutinen er å sikre elevane eit tilfredsstillande læringsutbytte. I høve til rutinen skal skulen utarbeida ein årsrapport for alle elever med vedtak om spesialundervisning. Dette er også eit krav som er nedfelt opplæringslova § 5-5. Føremålet med årsrapporten er å gi eit skriftleg oversyn over opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. I tillegg skal årsrapporten seie noko om i kva grad det er naudsynt med ei revidering av kompetanse- og læringsmåla til eleven, og om eleven framleis har behov for spesialundervisning.

1.3 I KVA GRAD SKULEN PÅ EIT TIDLEG TIDSPUNKT SETT INN TILTAK INNANFOR DET ALLMENNPEDAGOGISKE

1.3.1 REVISJONSKRITERIER

Tilpassa opplæring og tidleg innsats for kvar enkelt elev sin læring og utvikling er presisert i opplæringslova §§ 1-3 og 1-4. Av forarbeida kjem det fram at tiltak skal setjast i verk med ein gong det er avdekt at ein elev har behov for tilrettelegging. Det er inga fasit på korleis opplæringa skal gjennomførast, men det er ei pedagogisk oppgåve å ta stilling til kva tiltak som er nødvendige og føremålstenlege for kvar enkelt elev. Dersom skulen innan rimeleg tid ikkje ser nokon positive effektar av tilrettelegginga, skal skulen vurdere om det er behov for å endra opplegget, eller om eleven treng spesialundervisning.

Av Etne kommune sin rutine «Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte» går det fram at skulen har plikt til å vurdere den einskilde elev sitt utbytte av opplæringa, og ein plikt til å ta stilling til bekymringa og eventuelt prøva ut tiltak.

Ut frå desse føringane har me utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til Etne kommune):

- Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen på et tidleg tidspunkt sette inn tiltak innanfor det allmennpedagogiske.

1.3.2 TIDLEG INNSATS FOR Å TILPASSA OPPLÆRINGA

I intervju blir det presisert at skulen sitt arbeid med å identifisere elevar med behov for ekstra støtte er ein prosess som startar allereie i overgangen frå barnehage til skule¹⁰. For skulestartarar med spesielle behov som allereie har fått utarbeida ei sakkyndig vurdering, har skulen overføringsmøter i januar kvart år, då fristen for oppmelding til PPT er 1. februar. I desse overføringsmøta deltar representantar frå barnehage, skule og føresette. For resterande elevar blir det arrangert overføringssamtalar med barnehagen utover våren, i mai/ juni. På denne måten skaffar skulen oversikt over kven som treng ekstra tilrettelegging ved skulestart.

I intervju framhev skulane at dei har ulike verktøy og kartleggingar for tidleg å oppdage faglege vanskar, og at skulen gjennomfører samtalar med både elevar og føresette. Skulen gjennomfører til dømes samtalar like etter oppstart.

Frå PPT blir det framheva at skulen må ta i bruk det handlingsrommet dei er gitt innanfor ramma av ordinær opplæring for å fremme læring og førebygge vanskar. Dei tilsette ved skulane fortel at tilpassa opplæring inneber bruk av varierte vurderingsformer, læringsressursar, læringsarenaer og læringsaktiviteter, i tillegg til ulik organisering, for å gi alle elevar best mogleg utbytte av opplæringa. Skulane kan til dømes ta elevar ut i grupper på tvers av klasser og trinn, eller arrangere intensivkurs. Bruk av stasjonsundervisning er også mogleg. Her får elevane forskjellige oppgåver ved ulike stasjonar. I nokre saker vel skulen å sette inn tiltak som gjeld heile klassen, for slik å hjelpe ei gruppe av elevar.

I tillegg til varierte undervisningsformer, framhev skulane at dei legg vekt på å gi elevane jamlege tilbakemeldingar undervegs. Utviklingssamtalar mellom lærar, elev og føresette er viktige arenaer for å vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og vi får opplyst at det blir skreve undervegs-vurderingar i forkant av utviklingssamtalane. Dette er samtalar som omhandlar læringsutbytte/ progresjon, eventuelle tiltak som er sett inn og effekten av desse.

I intervju blir det presisert at avdelingsleiar/ spesialpedagogisk koordinator på skulen og sosiallærar også spelar ei viktig rolle i arbeidet med å fanga opp elevar med behov for tilrettelegging. Førstnemnde har ansvaret for koordineringa av spesialundervisninga på skulen, og gir rettleiing på ulike trinn om saker som gjeld faglege vanskar. Sosiallærar har ansvar for å driva førebyggjande og systematisk arbeid for å skapa eit godt klasse- og skulemiljø, og skal hjelpe lærarane ved behov. Sosiallærar følgjer også opp enkeltelevar som har utfordringar knytt til

¹⁰ Elevar som strevar har, etter opplæringslova § 1-4 ein lovfesta rett til intensiv opplæring. Dette kjem i tillegg til eventuell spesialpedagogisk hjelp etter § 5.

dømes åtfærd, utageringar, skulefråvæer etc. Desse to yrkesgruppene deltek også på skulen sine samarbeidsmøte, for slik å sikre eit tverrfagleg samarbeid om enkeltelevar eller grupper av elevar.

1.3.3 RESULTAT FRÅ KARTLEGGINGSPRØVAR OG BRUKEN AV DESSE

I intervju fortel skulane at dei nyttar ulike kartleggingsverktøy for tidleg å oppdage elevar med faglege vanskar. Kartlegginga startar allereie på 1.trinn med bokstavinnlæringa, kor lærarane testar progresjonen til elevane gjennom hausten. Føremålet med kartleggingane er å synleggjere elevar som ikkje følgjer forventta utvikling, og setje inn tiltak overfor desse.

Etne kommune følgjer årsplanen til Utdanningsdirektoratet, noko som inneber at dei nasjonale prøvene blir gjennomførte på hausten, medan kartleggingsprøvene for dei yngste blir gjennomført på våren. Informasjonen frå kartleggingane dannar grunnlag for undervegsvurderingar og kvalitetsutvikling, og føremålet er å gi skulane kunnskap om elevane sine grunnleggande ferdigheiter, og finne ut kven som har behov for ekstra tilrettelegging.

Kartleggingsprøvene for dei yngste vil avdekke dei som ligg på eller under «kritisk grense». Kritisk grense i kartleggingsprøvene er eit mål på kva nivå av ferdigheiter i lesing eller rekning ein elev bør ha for å ikkje bli å ha behov for ekstra tilrettelegging eller oppfølging. Den kritiske grensa blir rekna ut ved å samanlikne resultata frå eit representativt utval av elevar som har teke prøva først.


Dersom eleven ligger på eller under bekymringsgrensen, informerer kontaktlærer spesialpedagogisk koordinator. I intervju blir det presisert at kartleggingsprøvene ikkje vil fange opp alle elevar med utfordringar. Gjennomføring av prøvene er med andre ord ikkje tilstrekkeleg åleine. Lærarane observerer, tilpassar arbeidsmengda, metodar og nivå også ut frå erfaringar i det daglege arbeidet i klasserommet, blir det framheva.

Kvar haust gjennomfører alle elevar på 5. og 8. trinn nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk, og alle elevar på 9.trinn i lesing og rekning. Resultata frå dei nasjonale prøvene skuleåret 2022-23 viser at medan 5. trinnet skårar ein del lågare enn fylkes- og landssnittet på alle prøvene, skårar elevane på 8. og 9.trinn betre enn både fylkes- og landsnittet.

I dei tre neste figurane har vi sett næmare på resultata frå dei nasjonale prøvene fordelt på dei ulike faga, nærmare bestemt lesing, rekning og engelsk. I sitt arbeid med å avdekke elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa vil skulane først og fremst konsentrere seg om resultat på individnivå, men vi har likevel vald å ta med tal på kommunenivå, for å gi eit overordna bilete av elevprestasjonane blant Etne-elevane.

For å vise i kva grad Etne-skulane har elevar med låge elevprestasjonar, har vi konsentrert oss om prosentdel på lågaste meistringsnivå, og deretter gjort ei samanlikning med fylkes- og landssnittet¹¹. I kvar av figurane har vi samla resultata for lesing, rekning og engelsk¹². I figur 2 gjeld til dømes dei tre første søylene lesing, dei tre neste rekning og dei tre siste engelsk;

Figur 2 – Prosentdel elever på lågaste meistringsnivå på 5.trinn. Nasjonale prøver skuleåret 2022/2023. Etne-elevane samanlikna med fylkes- og landssnittet




(Kjelde: Kommunebilette Etne mars 2023)

Prosentdel elevar som ligg på lågaste meistringsnivå på 5. trinn er høgare i Etne enn i fylket og landet. Dette ser vi gjeld både i lesing, rekning og engelsk. I lesing er differansen på 9 prosent frå fylkessnittet, medan differansen i engelsk er på 10,8 prosent.

¹¹ For tal siste tre kalenderår, sjå rapporten sin vedleggsdel.

¹² På 5. trinn er det tre meistringsnivå og på ungdomstrinnet (8. og 9. trinn) er det fem. I alle figurane har vi konsentrert oss om prosentdel elevar på meistringsnivå 1.


Figur 3 – Prosentdel elever på lågaste meistringsnivå på 8.trinn. Nasjonale prøver skuleåret 2022/2023. Etne-elevane samanlikna med fylkes- og landssnittet



(Kjelde: Kommunebilette Etne mars 2023)

Som det går fram av figuren finn vi færre Etne-elevar på lågaste meistringsnivå på 8.trinn. På 8. trinn gjer elevane det betre på alle prøvar samanlikna med landet og fylket.

Figur 4 – Prosentdel elever på lågaste meistringsnivå på 9.trinn. Nasjonale prøver skuleåret 2022/2023. Etne-elevane samanlikna med fylkes- og landssnittet



(Kjelde: Kommunebilette Etne mars 2023)

På 9. trinn ser vi at Etne har ein mykje lågare prosentdel på lågaste meistringsnivå i lesing, samanlikna med fylket og landet, medan i rekning er det motsett.

I intervju framhev skulane og kommuneleiinga at resultata frå dei nasjonale prøvene og andre kartleggingsprøver er viktige informasjonskjelder, og at resultata blir gjennomgått både på individ-, klasse-, skule- og kommunenivå. Dette er resultat som inngår både i spørsmål knytt til ressursfordeling, organisering og tilpassing, men som først og fremst blir nytta til å laga egne tilbod til enkelt-elevar eller grupper av elevar.

Til dømes kan det vere aktuelt med stasjonsundervisning i smågrupper, kor gruppene roterer mellom stasjonar med ulike tema. Et annet tiltak kan være bruk av egne dataprogram eller intensivkurs, kor lærarane tar utgangspunkt i poengsum og utarbeidar kurs ut frå dette. I dette arbeidet samarbeider lærarane tett med spesialpedagogisk ansvarleg, avdelingsleiar og/eller rektor for å finne fram til dei beste tiltaka. I tillegg blir elevens prestasjonar også tema på foreldresamtalar. Dei intervjuja framhev at det er viktig at føresette blir involvert og at dei bidreg overfor elevar som skårar lågt.

PPT fortel i intervju at dei tilbyr rettleiing om korleis skulane kan nytta resultata frå kartleggingane til å diskutere tiltak som kan prøvast ut. Skulane på si side fortel at dei ikkje pleier involvere PPT i sine vurderingar av skule- og klassevise resultat, men at PPT kan bli kopla inn overfor enkeltelevar.

Skulane fortel at dei har tilgang til ei rekkje testar og prøver som kan gjennomførast ved bekymring for ein elev. Her nyttar skulen ulike kartleggingsprøver/ verktøy frå sak til sak. Kartleggingsprøvene i regi av Utdanningsdirektoratet er berre ein del av fleire kartleggingar som blir gjennomført,. Av denne grunn er vanskanne til eleven ofte kjent og kartlagt når resultata frå dei nasjonale prøvene ligg føre. Utover dei nasjonale prøvene og kartleggingsprøvar på 3. trinn, står skulen fritt til å velje kva kartleggingsprøvar som skal gjennomførast.

1.3.4 LÆRARTETTLEIK OG KOMPETANSE

Lærartettleik er eit mål på kor mange elevar det er per lærar i ordinær undervisning. Det er eit av kriteria i norma for lærartettleik (lærarnorma), som seier at det skal vera maksimalt 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn og maksimalt 20 elevar per lærar på 5.–10. trinn. Norma for lærartettleik gjeld berre offentlege skular og vart vedteken i 2017 (Kjelde: Udir.no).

Med høg lærartettleik har lærarane høve til å vere tett på elevane. Dette kan ha innverknad på skulen sin evne til å oppdaga elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte og skulens evne til å sette inn tiltak på et tidleg tidspunkt. Ifølgje tal frå Utdanningsdirektoratet for skuleåret 2022/23 oppfyll Etne kommune norma for lærartettleik på både 1.- 4. trinn (15 elevar per lærar) og 5.- 7.trinn (20 elevar per lærar). Med ein lærartettleik på 12,7 elevar per lærar ligg Etne over snittet

for Vestland på 1.-4.trinn. Det same gjeld 5.-7. trinn, med 15,5 elevar per lærar. I Vestland fylke var snittet for 1.-4. trinn 13,5 og 16,2 på 5.-7. trinn skuleåret 2022/23.

I intervju blir to-lærarsystem trekt fram som eit viktig tiltak for å oppdaga elevar med behov for tilrettelegging. Ved å ha to lærarar i klasserommet vil ein lettare kunne fange opp elevane sine behov og setje i verk tiltak raskt og effektivt. Lærarane kan dele ansvaret for planlegging, gjennomføring og evaluering av undervisninga, og tilpassa ho til ulike nivå og behov. Ei to-lærarløysing opnar dessutan for meir individuell oppfølging, rettleiing og tilbakemelding til kvar einskild elev. Ei anna fordel er at ein med to lærarar i klassen lettare kan førebyggja og handtera utfordringar med elevåtferd, konflikhtar og mobbing, og såleis skapa eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Lærarane får høve til å utveksla erfaringar, kunnskap og idear, og det vil bli enklare å sikre kontinuitet i undervisninga ved frávær hos ein av lærarane.

I Etne har skulane eit to-lærar-system i nokre fag og klassar, og vi får opplyst at målet er få til dette i større grad. Skånevik skule kjenneteiknast av mange klassar med få elevar, noko som gjer to-lærar-system ikkje er så aktuelt. Her peikar dei tilsette på at det er mogleg å slå saman klassar for slik å få til eit to-lærar-system. Dei intervjuar ved Skånevik framhev også at få elevar i kvar klasse gjer det enklare å sjå kvar einskild elev.

I kva grad lærarane i Etne-skulen oppfyll kompetansekrav til å kunne undervise, kan tenkast å påverka evna til å oppdaga elevar med behov tidleg. Tal frå GSI viser at skuleåret 2022/23 var prosentdelen årstimar gitt av personale med godkjent utdanning 98,5 prosent¹³. Dette er ein oppgang frå året før, då prosentdelen var 95,8 prosent. Landssnittet skuleåret 2022/23 var på 94,9 prosent.

For å undervise i matematikk, engelsk og norsk i skulen, er det fastset visse kompetansekrav. Her viser tal frå GSI at dei fleste lærarane i Etne oppfyll kompetansekrava i desse faga på 1.-10 trinn. Nærmare bestemt oppfyll alle lærarane kompetansekravet i norsk og matematikk på 1.-7. trinn, og i norsk, matematikk og engelsk i 8.-10. trinn.


1.3.5 OMFANG AV SPESIALUNDERVISNING

Når ein skal vurdere i kva grad skulen på eit tidleg tidspunkt sett inn tiltak for elevar innanfor det allmennpedagogiske, vil det vere naturleg å sjå på omfanget av spesialundervisning. Ved høg prosentdel elevar med vedtak om spesialundervisning, samanlikna med kommunegruppa kommunen tilhøyrar eller landssnitt, kan dette peike i retning av at terskelen for å gi vedtak om

¹³ Kjelde: GSI - Grunnskulanes informasjonssystem

spesialundervisning er for låg, og at skulane dermed ikkje evnar å tilpassa undervisninga innanfor det allmennpedagogiske¹⁴.

Figur 5 – Prosentdel elevar med vedtak om spesialundervisning samanlikna med kommunegruppe og landssnittet



(Kjelde: KOSTRA tabell 12222)


Tal frå KOSTRA viser at Etne har hatt ei nedgang i prosentdel med vedtak om spesialundervisning dei seinare åra, og prosentdelen er no på linje med nivået i 2018. Vi ser også at samanlikna med landssnittet har Etne i heile tidsperioden låge over, men under kommunegruppa. Her ser vi at medan snittet i Etne har gått ned, har prosentdelen i kommunegruppa låge stabilt høgt i fleire år.

I intervju framhev kommuneleiinga at det truleg har vore ein noko låg terskel for tilvising til PPT. Sjølv om prosentdelen har gått noko ned, blir det framheva at denne framleis for høg, og målet må vere å få fleire til å klare seg innfor ordinær opplæring. Kommuneleiinga poengterer at dette handlar om å skapa ein kultur og ein tryggleik blant lærarane på at dei klarer å gi elevane eit tilfredsstillande læringsutbytte innanfor rammene av ordinær opplæring.

Når ein skal vurdere i kva grad skulen på eit tidleg tidspunkt sett inn tiltak for elevar innanfor det allmennpedagogiske, vil det også vere naturleg å sjå på omfanget av spesialundervisning fordelt på ulike trinn;

¹⁴ Etne kommune høyrer til kommunegruppe fire. Kva som kjenneteiknar denne kommunegruppa er nærmare omtala i rapporten sin vedleggsdel.

Figur 6 – Prosentdel elever med vedtak om spesialundervisning fordelt på trinn



(Kjelde: KOSTRA. Tabell 12222)

Siste tre år har prosentdel elevar med vedtak om spesialundervisning gått ned på ungdomstrinnet, medan barnetrinnet (1.-4. klasse) og mellomtrinnet har hatt ein liten oppgang. I 2022 ser vi at prosentdelen er høgast på mellomtrinnet. I tidsperioden 2020-23 ser vi at prosentdelen samla sett har gått noko ned.

Både kommuneleinga og skulane omtalar oppgangen på barne- og mellomtrinnet, kombinert med ein nedgang på ungdomstrinnet, som ei positiv utvikling, då det må vere betre å sette inn tiltak på eit tidleg stadium. Samstundes blir det framheva at skilnaden mellom barne- og mellomtrinnet kan knytast til årskullet/kohorten, og at ein i dagens elevgruppe på barnetrinnet finn fleire elevar med utfordringar knytt til åtferd samanlikna med tidlegare. Dei siste tre/ fire åra har særleg Enge skule hatt eit stort omfang av elevar med åtferdsvanskar, med 3-4 elevar på kvart barnetrinn. Her har dei eldste av desse nyleg gått over til mellomtrinnet.

Med vedtak om spesialundervisning overfor desse årskulla er målet med ekstrainnsatsen at desse elevane ikkje skal trenge spesialundervisning når dei kjem til 5. eller 6. trinn. Om ikkje anna, så er målet at det ikkje skal bli ei auke også her. Men dette forutset at skulene blir gode til å handtera desse elevane, blir det framheva. Verd å nemne er at Etne i lag med Vindafjord kommune nyleg har utarbeida ein handlingsplan som skal hjelpe barn med åtferdsvanskar. Føremålet med planen er mellom anna å trygga lærarane i deira handtering av elevar med åtferdsvanskar og få til eit godt team rundt eleven.

I samband med prosjektet har vi sett nærmare på kor stor prosentdel av opplæringstimane som blir brukt til spesialundervisning. Dette påverkar skulane sitt høve til å nytta ressursar til førebygging i den ordinære undervisninga. For å kunne sjå nærmare på dette har vi henta inn tal som viser sum årstimar spesialundervisning og sum årstimar med ordinær undervisning. I tabellen har vi rekna ut kor stor prosentdel av totaltalet på undervisningstimar som blir nytta til spesialundervisning, fordelt på ulike trinn skuleåret 2022-23, i Etne kommune;

Tabell 1 - Oversikt over talet på timar med spesialundervisning kontra ordinær undervisning

	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-7. trinn	8.-10. trinn
Sum årstimar spesialundervisning	3 235	2 408	5 643	1496
Sum årstimar ordinær undervisning	10 414	9 203	19 617	8148
Prosentdel spesialundervisning av totalt opplæringstimar	23,70%	20,74%	22,34%	18,36%

(Kjelde: GSI – grunnskulane sitt informasjonssystem)

Tabellen viser at prosentdelen er høgast på 1.-4. trinn, og såleis i tråd med ønskje om tidleg innsats, men skilnaden er ikkje stor. Vi ser at i sum blir om lag kvar fjerde undervisningstime brukt til spesialundervisning på 1-7. trinn. Tilsvarende tal for Vestland fylke og landet er gjengjeve i tabellen nedanfor;

Tabell 2 – Prosentdel spesialundervisningstimar av totalt opplæringstimar i Vestland og landet

	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-7. trinn	8.-10. trinn
Vestland	26,35%	34,4 %	29,78 %	31,47 %
Landet	24,41 %	34,93 %	28,88%	34,03 %

(Kjelde: GSI – grunnskulane sitt informasjonssystem)

Samanlikna med snittet i fylket og landet har Etne ein tydelegare dreining av ressursinnsatsen inn mot dei lågaste trinna. I Etne prosentdel spesialundervisningstimar av totalt opplæringstimar høgast på 1.-4. trinn. Dette er ikkje tilfelle for snittet i Vestland fylke og landet.

1.3.6 VURDERING

Etter vår vurdering har Etne kommune eit godt system for å kunna setje inn tiltak innanfor ordinær opplæring. Skulane startar arbeidet tidleg, nærmare bestemt i overgangen frå barnehage til skule. Vidare legg skulane vekt på å gi elevane jamlege tilbakemeldingar undervegs, og arrangerer utviklingssamtalar mellom lærar, elev og føresette, då dette er viktige arenaer for å vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa til ei kvar tid. I val av kartleggingar og undervisningsformer samarbeider lærarane med spesialpedagogisk ansvarleg, avdelingsleiar og/eller rektor.

Kor stor prosentdel elevar som har vedtak om spesialundervisning og dermed talet på årstimar brukt til spesialundervisning, påverkar skulane sitt høve til å nytta ressursar til førebygging i den ordinære undervisninga. Når det gjeld prosentdel årstimar brukt på spesialundervisning kontra ordinær undervisning har Etne ein tydelegare dreining av ressursinnsatsen inn mot dei lågaste trinna, enn kva som er tilfelle i Vestland fylke og landet. Resultata på nasjonale prøver på femte trinn peikar i retning av at kommunen ikkje maktar å gi ei tilfredsstillande læringsutbytte innafor ordinær opplæring, men samstundes ser vi at resultata betrar seg, og ligg over fylkes- og landssnitt på 8. trinn.

Vi ser også at Etne-skulen er kjenneteikna av tilfredsstillande lærartettleik og kompetanse. Ifølgje tal frå Utdanningsdirektoratet oppfyll Etne kommune norma for lærartettleik på både 1.- 4. trinn (15 elevar per lærar) og 5.- 7.trinn (20 elevar per lærar). Lærartettleiken ligg omtrent likt med snittet for Vestland på 1.-4.trinn, og noko over fylkessnittet på 5.-7.trinn. Høg lærartettleik gir lærarane høve til å vere tett på elevane. I tillegg ser vi at lærarane oppfyll gjeldande kompetansekrav. Skuleåret 2022/23 var prosentdel årstimar gitt av personale med godkjent utdanning på 98,5 prosent, og dermed over landssnittet på 94,9 prosent¹⁵. Etter vår vurdering er det positivt at Etne kommune i all hovudsak nyttar lærarar med godkjend utdanning i undervisninga, då kompetente lærarar kan påverka skulanes evne til å oppdaga elevar som heng etter.

1.4 I KVA GRAD BIDRAR PPT I SKULENS FØREBYGGANDE ARBEID?

1.4.1 REVISJONSKRITERIER

I høve til opplæringslova har PP-tenesta eit dobbelt mandat: som sakkunnig instans i spørsmål om barn og elevars opplæringssituasjon skal dei utarbeida sakkunnig vurderingar – ofte omtalt som det individretta arbeidet. Samstundes skal dei hjelpa skulane i arbeidet med kompetanse- og

¹⁵ Kjelde: GSI – Grunnskulane sitt informasjonssystem

organisasjonsutvikling – ofte omtala som det systemretta arbeidet. Gjennom det systemretta arbeidet skal PPT samarbeida med skulen om å tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet i tråd med føresetnadene til elevane. Dette er mellom anna støtte til førebyggjande tiltak for å sikre god fagleg og sosial utvikling for elevane.

I gjeldande samarbeidsavtale om ei felles PP-teneste for Etne og Vindafjord kommune blir det vist til opplæringslova § 5-6, kor det i andre ledd blir slått fast at PPT skal «hjelp skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for slik å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov».

Ut frå desse føringane har me utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til Etne kommune):

- Ved behov skal skulane får bistand frå PPT i arbeidet med tidleg innsats og førebygging.
- PPT skal tilby bistand til skulen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling, med mål om at skulane skal bli betre til å tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet i tråd med føresetnadene til elevane.

1.4.2 FUNN

For å styrka det førebyggjande arbeidet har Etne kommune nyleg etablert ei ressursgruppe på kvar skule og i kvar barnehage. Rektor har oppgåva med å leie ressursgruppa som har møter to gonger i månaden. Gruppa består elles av avdelingsleiarar, spesialpedagogisk koordinator, representantar frå skulehelsetenesta og skulen sin PPT-kontakt.

Målet med oppretting av ei ressursgruppe er å få til eit tettare samarbeid mellom skule og PPT, og at dei tilsette ved skulen skal føle seg trygge på at dei kan handtere elevane innanfor ordinær opplæring. Frå kommuneleiinga blir det framheva at kor mykje PPT er involvert i skulen sitt førebyggjande arbeid varierer, men at arbeidet i ressursgruppa kan bidra til å styrke samarbeidet. I høve til opplæringslova skal PPT ikkje berre konsentrere seg om sakkunnige vurderingar på individnivå, men også bidra i det førebyggjande arbeidet, til dømes gjennom rettleiing i saker på systemnivå. Dette handlar om kva rolle PPT skal ha.

Vidare framhev kommuneleiinga at etableringa av ei ressursgruppe handlar om at kvar sak må sjåast i eit større perspektiv. Medan det i nokre tilfelle er tale om faglege utfordringar som til

dømes lese- og skrivevanskar, kan det i andre tilfelle vere forhold i klassen, i familien eller på andre arenaer som påverkar eleven sitt læringsutbytte. For i større grad å vurdere sakene heilskapleg, noko som er i tråd med intensjonane bak Oppvekstreforma og Kompetanseløftet, skal ressursgruppa bestå av representantar frå ulike delar av det kommunale tenesteapparatet¹⁶.

Samstundes skal det ikkje vere naudsynt å involvere alle instansane i alle saker. Er det til dømes tale om lese- og skrivevanskar, og det allereie er stilt ein diagnose, treng ikkje alle vere med. Kommuneleiinga framhev at dei ofte ser at sakene er samansette, og at også familien treng rettleiing og støtte.

Skulane fortel at dei opplev samarbeidet med PPT om det førebyggjande arbeidet som bra. Dei tilsette hos PPT er tilgjengelege og bidrar gjerne med råd og rettleiing. For å sikra eit tett samarbeid har kvar skule fått ein fast kontaktperson i PPT, og i tillegg har skulane éin fast dag i månaden kor representantar frå PPT er til stades. Her skal det vere mogleg å drøfta både individsaker i ein startfase og meir kjende saker, i tillegg til systemsaker.

Det er skulane si oppleving at PP-tenesta hjelper til med å leggje opplæringa til rette for elevlar med særskilde behov, og at dei hjelper til med å førebyggje vanskar og utfordringar som kan vere til hinder læring og utvikling. Såleis er PP-tenesta ein støttespelar for lærarane og leiinga i skulane. Skulane fortel at PP-tenesta bidrar til å utvikle gode system og rutinar for å sikre kvalitet i opplæringa, og at dei gir informasjon om teoriar og aktuell forskning i arbeidet.

Men i intervju framhev PPT at dei ønskjer å vere meir involverte i sakene frå starten av. Ved å bli involvert på eit tidleg stadium kan PTT bidra til å førebygge behov for meir tilrettelegging. I nokre saker kan små justeringar og tilretteleggingstiltak vere det som skal til for å sikra eleven eit godt læringsutbytte. På denne måten kan PPT bidra i det førebyggjande arbeidet. Ei sak som blir tilvist, bør med andre ord vere kjend. PP-tenesta ønskjer at skulane tar kontakt på eit tidlegare stadium av ei sak enn kva som er tilfelle per i dag.

Vidare framhev PPT at dei ønskjer å vere tettare på når det gjeld å analysere resultat av kartleggingsprøvar for heile grupper av barn. Her blir PP-tenesta ikkje nytta per i dag. PPT ønskjer å vere med å drøfta kva tiltak som kan vere aktuelle, for slik å vurdere om det verkeleg er naudsynt å tilvise til spesialundervisning. PPT framhev at dette handlar om å finne fram til førebyggjande tiltak som både PPT og skulen oppfattar som gode. I staden for å få mange tilvisingar og bruke mykje ressursar på utarbeiding av sakkunnige vurderingar, ønskjer PPT i

¹⁶ For meir informasjon om Oppvekstreforma og Kompetanseløftet, sjå rapporten sin vedleggsdel.

større grad å nytta sine ressursar på høgre side av «Samhandlingshjulet» (sjå kapittel 1). Dersom PPT blir meir involvert i dei første fasane, kan dette bidra til at elevane i større grad kan ivaretaast innafor ordinær opplæring.

Jamleg får skulane tilbod om kurs som kan bestillast frå PPT. Dette blir også bekrefta av PPT sjølve, som fortel at dei kan tilby kurs i matematikk, lesing, autisme, korleis ein utarbeidar ein pedagogisk analyse eller andre tema. I intervju fortel PPT at det så langt berre er Skånevik skule som har takka ja til kurs, medan Enge skule kan bli flinkare til å etterspørja dette.

I intervju fortel PPT at dei har mottatt få saker på systemnivå dei siste åra. Medan Skånevik har tilvist ein sak på systemnivå, har det ikkje kome nokon frå Enge skule dei siste tre åra. PPT framhev at dette kan indikere at begge skulane har eit noko sterkt individfokus. I staden for å tilvisa 10 barn til PPT, kan det vere betre å jobbe for å bedra klassefellesskapet. PPT si erfaring er at ein kan få til meir dersom ein jobbar i lag, og at det i mange tilfelle vil vere av stor verdi å utarbeida ein pedagogisk analyse for grupper av elevar, framfor å tilvisa enkelt-elevar.

I intervju medgir dei tilsette på skulane at dei ikkje har vore flinke til å tilvisa saker på systemnivå, men at dei har samtalar med PPT ved behov. Her vil den nye ressursgruppa spela ei sentral rolle. Føremålet med ressursgruppa er økt samarbeid mellom involverte instansar, både skule, helse og PPT, i tillegg til føresette og elev, og dette vil dermed bli ein arena for å sikra eit tett samarbeid om eleven.

PPT framhev i intervju at saker som blir tilvist, bør vere drøfta av skuleleiinga (rektor og avdelingsleiarar), og ikkje berre av lærarane og spesialpedagogisk koordinator. PPT grunngjev dette med at skulen har eit stort handlingsrom og ansvar i fasen før tilvisinga blir sendt, og at det er viktig å nytta heile denne læringssløyfa.

1.4.3 VURDERING

Skulane opplev at PPT er ein viktig bidragsytar og ein god samarbeidspartnar i det førebyggjande arbeidet. Men PPT opplev at skulane nyttar dei i for lita grad. PPT er av den oppfatning at det førebyggjande arbeidet hadde styrkt seg om skulane hadde nytta dei i større grad i ein tidleg fase. Dette er noko skulane heller ikkje er uenig i.

Dei intervjuja både i skulane og PPT fortel om eit tett og godt samarbeid, med låg terskel for å ta kontakt. Etter vår vurdering legger Etne kommune sin praksis med at skulane har ein fast kontaktperson i PPT, og eit fast møte i månaden kor representantar frå PPT er til stades, forholda til rette for at PPT kan bidra både i arbeidet med tidleg innsats, førebygging og tilpassing av

opplæringa. Dette arbeidet har nyleg blitt styrka med oppretting av ei ressursgruppe på kvar skule og i kvar barnehage, kor også skulehelsetenesta er blant dei faste representantane. Med sistnemnde tiltak ligg forholda til rette for å sjå sakene i eit større perspektiv, og PPT gis anledning til å bidra også i dette arbeidet. Men etter vår vurdering fordrar begge tiltaka at skulane tar ei aktiv rolle og er flinke til å melde inn saker i ein tidleg fase.

Etter vår vurdering er det positivt at både PPT sjølv og skulane fortel at PPT tilbyr bistand til skulen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling, med mål om at skulane skal bli betre til å tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet i tråd med føresetnadene til elevane. PPT tilbyr kurs innanfor eit breitt spekter av emne, og skulane opplev dei tilsette som tilgjengelege og kompetente.

1.5 KORLEIS PROSESSEN FUNGERER, FRÅ AVDEKT BEHOV TIL TILVISING

1.5.1 REVISJONSKRITERIER

Av Samhandlingshjulet, som er ein del av Etne kommune sin rutine «Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte», går det fram at ved mistanke om eller ved bekymring for manglande læringsutbytte, har skulen ei plikt til å prøve ut tiltak før tilvising til PPT.

Samhandlingshjulet gir skulen også ei dokumentasjonsplikt før tilvising (jamfør høgre side). Tiltaka skal drøftast i lag med involverte partar og dokumenterast i Stafettlogg. I tillegg skal det utarbeidast ein pedagogisk analyse om forholda rundt eleven, som til dømes klasseleiing eller andre ytre faktorar. Av rutinen går det fram at skulen skal involvere og informere kontaktlærar, spesialpedagogisk koordinator og rektor, og elev/føresette skal innkallast til ein samtale før kartlegginga startar.

Ut frå desse føringane har me utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til Etne kommune):

- Ved mistanke om eller ved bekymring for manglande læringsutbytte, skal skulane:
 - Involvere og informere kontaktlærer, spesialpedagogisk koordinator og rektor.
 - Gjennomføre ein samtale med elev og føresette før kartlegginga startar.
 - Prøve ut tiltak og dokumentere desse.
 - Utarbeide ein pedagogisk analyse.
 - Konkluderer rektor med at tilvising skal sendast, skal PPT og elev/føresette informerast om dette i eit samarbeidsmøte.

1.5.2 FUNN

På kvar skule blir det arrangert faste samarbeidsmøte ein gong i månaden. Her deltek kontaktlærer, spesialpedagogisk koordinator og rektor, samt skulens kontaktperson i PPT. Dette er ein arena for å drøfta både enkeltsaker og systemsaker, noko som bidrar til at sakene er kjende for PPT før tilvising. Avhengig av kva vanskar som gjer seg gjeldande, kan det vere aktuelt å invitere helsesjukepleiar, barneverntenesta eller andre instansar. Og vanleg praksis er å informere elev og føresette før kartlegginga startar. I denne fasen legg skulen vekt på å få til et godt samarbeid med alle involverte.

I intervju presiserer PPT at høgre side av Samhandlingshjulet skisserer oppgåver som er meint å skapa eit godt samarbeid mellom skulen, føresette og PPT. Samarbeidet omhandlar både kartlegging, utarbeiding av pedagogisk analyse, utprøving av tiltak og registrering i Stafettlogg. Rutinen krev at skulen opprett Stafettlogg, og at dei tiltak som blir sett inn blir dokumentert. Dei ulike fasane i «Samhandlingshjulet» er såleis viktige for å sikra dette. For både skule og PPT er det viktig få dokumentert kva tiltak og arbeidsmetodar som blir nytta, for å ha dokumentasjon på kva som er gjort.

Men samstundes peikar PPT på at dette er oppgåver som kan forbeistrast. PPT opplev at skulane har prøvd ut tiltak og gjennomført kartleggingar, men saknar dokumentasjon. I tillegg er det PPT si erfaring at Stafettlogg i liten grad blir tatt i bruk. For PPT er det viktig å få kunnskap om kva tiltak som er prøvd ut, og at skulen kan dokumentere kva tiltak dei har prøvd ut før dei konkluderte med at tilvising til PPT var naudsynt. I denne fasen har skulane eit stort handlingsrom, men kva som er gjort må dokumenterast. PPT framhev at dei har informert skulane om korleis Stafettloggen skal nyttast. Er tiltaka dokumentert i loggen får PPT informasjon, i tillegg til at det blir enklare å involvere elev og føresette i drøftinga av tiltaka.

Skulane fortel at dei freistar å tilpassa undervisninga til elevane sine behov, men at dei kan bli flinkare til å dokumentere kva tiltak som er satt inn. Skulane medgir at bruken av Stafettlogg så

langt ikkje har vore god nok, og oppgjer som årsak at løysinga framleis kan opplevast som ny og krevjande for mange. For nokre elevar er tiltaka dokumentert både i Stafettlogg og Websak, og framleis herskar det noko uvisse om i kva saker Stafettlogg skal nyttast, trass i opplæring frå PPT. Her opplev skulane at det ikkje er noko fasit, men at dei må gjere ei konkret vurdering i kvar einskild sak. Skulane melder også at dei er noko usikre på i kva omfang tiltaka skal dokumenterast.

Vidare fortel skulane at bruk av Stafettlogg ikkje berre krev at ein dokumenterer kva *skulen* jobbar med, men at ein også må dokumentere kva *eleven* og *heimen* jobbar med. Stafettloggen fungerer godt som et dokumentasjonsverktøy og for å sikra samhandlinga med heimen, men kan fort bli arbeidskrevjande dersom mange elevar skal ha dette. Dessutan er det ikkje alle føresette som ønskjer Stafettlogg, då dei opplev løysinga som noko tungvindt. Mellom anna krev løysinga ei to-trinns innlogging.

Dei tilsette har gitt uttrykk for at dei synes det blir dobbelt-arbeid å dokumentere tiltaka både i Stafettlogg og Websak. Her saknar lærarane tydelegare retningslinjer på kva som skal dokumenterast kor. Slik praksis er i dag, tek ein gjerne utskrift av Stafettloggen og legg denne i Websak ved avslutning av loggen. Kommunen fortel i intervju at det har vore eit ynskje om samsnacking mellom systema, men at dette ikkje lar seg gjera.

I intervju framhev PPT at skulane ikkje er konsekvente på kva kartleggingar dei gjennomfører før tilvising, då dette varierer over tid og mellom skulane. Dersom skulane blir meir konsekvente på dette punktet, vil det bli enklare for PPT å få oversikt og få kunnskap om kva som manglar. Kommunen framhev på si side at det sommaren 2023 blei laga ein ny plan for kva kartleggingar som skal utførast, og denne er lik for skulane i Etne og Vindafjord.

I høve til «Samhandlingshjulet» stilles det eit særskilt krav om utarbeiding av ein pedagogisk analyse. Dette er ein systematisk og forskingsbasert måte å arbeide med pedagogiske problemstillingar på. Ein pedagogisk analyse inneheld ikkje spesifikke undervisningsmetodar, men gir ein systematisk framgangsmåte for å komma fram til kva som skal gjerast, val av tiltak og seinare evaluering av desse tiltaka. PPT opplev at skulane i liten grad utarbeidar ein slik analyse, trass i kurs i korleis dette skal gjerast. PPT framhev at skulen ikkje berre må undersøkje eleven, men også konteksten rundt. Ein slik analyse krev at ein til dømes også vurderer klasseleiing og andre ytra faktorar. I kravet om utarbeiding av ein pedagogisk analyse ligg det såleis eit krav om å løfta blikket og sjå eleven i heilskap, framhev PPT.

At skulane kan bli betre på å utarbeida ein slik analyse blir også bekrefta av skulane sjølve. I intervju framhev skulane at det som eventuelt måtte koma fram i analysen vil vere naturleg å

drøfta i ressursgruppa på skulen. Dette kan såleis vere eit viktig verktøy for å få avdekt «kor skoen trykker».

Både PPT og skulane fortel at det blir arrangert eit samarbeidsmøte før tilvising blir sendt, kor både PPT, rektor og elev/føresett deltek. Her gir rektor ein orientering om at ei tilvising til PPT vil bli sendt. Etter dette vil det vere PPT si oppgåve å utarbeide ein sakkyndig rapport og vurdering, som så kan leie fram til vedtak om spesialundervisning.

1.5.3 VURDERING

Ved mistanke om eller ved bekymring for manglande læringsutbytte, blir kontaktlærer, spesialpedagogisk koordinator og rektor involvert, og skulane gjennomfører samtalar med elev og føresette før kartlegginga startar. Tiltak prøvast ut, men blir i varierende grad dokumentert i Stafettlogg. Gjennom våre intervju får vi inntrykk av at det er her herskar noko uvisse om i kva saker Stafettlogg skal nyttast og i kva omfang tiltaka skal dokumenterast. Trass i opplæring i bruk av Stafettlogg, ser det ut til å vere eit behov for meir informasjon og opplæring, etter vår vurdering. Det same gjeld bruk av pedagogisk analyse. Skulane oppgjer sjølv at dei i varierende grad utarbeider ein slik analyse. Vår tilråding er at kommunen styrkar informasjonen og opplæringa i bruken av desse verktøya, slik at eit ein kan få til ein betre prosess frå avdekt behov til tilvising.

PPT framhev at skulen ikkje berre må undersøkje eleven, men også konteksten rundt gjennom utarbeiding av ein pedagogisk analyse. Ein slik analyse krev at ein til dømes også vurderer klasseleiing og andre ytra faktorar. I kravet om utarbeiding av ein pedagogisk analyse ligg det såleis eit krav om å løfta blikket og sjå eleven i heilskap, framhev PPT. Dette styrkjer jo poenget i førre del. Skulane involverer PPT i liten grad i det systemrette arbeidet og dei tek heller ikkje i bruk analyseverktøy som skal bidra til å løfte blikket til læraren over på læringsmiljøet til eleven. Dette svekkjer også moglegheitene for å setja inn tiltak for elevar innanfor det allmennpedagogiske.

1.6 I KVA GRAD FORMELLE KRAV TIL ENKELTVEDTAK, IOP OG ÅRSRAPPORT BLIR FULGT

1.6.1 REVISJONSKRITERIER

Opplæringslova § 5-4 stiller krav om at «før det blir gjort sakkunnig vurdering og før det blir gjort vedtak om å setje i gang spesialundervisning, skal det innhentast samtykke frå eleven eller frå foreldra til eleven».

I Etne kommune blir enkeltvedtak om spesialundervisning fatta av rektor. I høve til forvaltningslova § 11a skal rektor førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald, og av § 27 går det fram at enkeltvedtaket skal opplyse om klagetilgang. Ifølgje «Rettleier til spesialundervisning» skal enkeltvedtaket seie noko om både omfang, organisering og kompetanse:

- Omfang (talet på årstimar mv)
- Organisering (i klassen/gruppe, eineundervisning eller alternativ opplæringsarena?)
- Kompetanse til utførar (lærer, spesialpedagog, logoped eller assistent?)

Dersom enkeltvedtaket avviker frå den sakkunnige vurderinga, stiller opplæringslova § 5-3 krav om grunngiving.

Opplæringslova § 5-5 gir skulen ei plikt til å utarbeida ein individuell opplæringsplan (IOP) overfor elevar med vedtak om spesialundervisning. Etne kommune har sjølv satt ein frist på tre veker eller seinast i uke 40. Dette går fram av tabell 10 i rutinen «Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte». I tillegg går det fram av både rutine og lov at skulen skal utarbeida ein årsrapport éin gong i året, som skal seie noko om kva opplæring eleven har fått og utviklinga til eleven.

Ut frå desse føringane har vi utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til Etne kommune):

- Skulen skal ha dokumentasjon på at foreldra har gitt sitt samtykke før vedtak er fatta.
- Etter at sakkunnig vurdering er utarbeida, skal skulen fatte eit enkeltvedtak «utan ugrunna opphald».
- Enkeltvedtaket skal seie noko om omfang, organisering og kompetanse.
- Dersom vedtaket avviker frå sakkunnig vurdering, skal dette vere grunngjeve.
- Vedtaket skal opplyse om klagemoglegheiter.
- For elevar med vedtak om spesialundervisning, skal det utarbeidast ein individuell opplæringsplan (IOP) innan 3 veker/ uke 40.
- Skulen skal utarbeida ein årsrapport for elevar med vedtak om spesialundervisning.

1.6.2 GJENNOMGANG AV ENKELTVEDTAK

I samband med prosjektet har vi gått gjennom til saman 19 saker kor eleven har fått vedtak om spesialundervisning skuleåret 2022/23. Med 405 elevar på Enge skule, mot 105 på Skånevik, har vi vald ut 12 saker frå Enge og 7 saker frå Skånevik. I desse 19 sakene har vi kontrollert formelle krav knytt til utarbeiding av enkeltvedtak, IOP og årsrapport.

I vår gjennomgang finn vi dokumentasjon på skriftleg samtykke i alle dei 19 sakene. Vi ser også at samtykket er innhenta før tilvising til PPT. Alle har fått enkeltvedtak, og i dei fleste tilfelle er vedtaket fatta kort tid etter at den sakkunnige vurderinga vart utarbeida. Det vil seie innanfor eit tidsrom på om lag 3-4 veker. Dette gjeld i 13 av dei 19 sakene. Men her finns det nokre unntak på begge skulane. Dette gjeld 6 vedtak. Til dømes vart eit enkeltvedtak der sakkunnig vurdering låg føre i 30.03.2020, først fatta over to år seinare, nærmare bestemt 14.07.2022;

Tabell 3 - Oversikt over saksbehandlingsprosessen med dato for sakkyndig vurdering og vedtak

	Skule	Dato for sakkyndig vurdering	Dato for vedtak	Tidsrom
Sak 1	Enge	30.04.2021	01.09.2022	Om lag 1,5 år
Sak 2	Enge	22.09.2022	26.01.2023	Over 4 månader
Sak 3	Enge	08.11.2022	01.02.2022	Over 3 månader
Sak 4	Skånevik	30.03.2020	14.07.2022	Over 2 år
Sak 5	Skånevik	15.04.2020	15.07.2022	Over 2 år
Sak 6	Skånevik	30.04.2021	15.07.2022	Over 1 år

Både rektor ved Enge og Skånevik skule framhev i intervju at deira målsetting er at vedtaket skal utarbeidast innan 4 veker etter at den sakkunnige vurderinga er utarbeida. Samstundes blir det presisert at lærarane ikkje ventar med å sette inn tiltak før vedtak blir fatta. Tiltak overfor eleven blir satt inn lenge før, framhev dei. Samtidig vil rektor trenge noko tid til å vurdere dei økonomiske og organisatoriske konsekvensane av den sakkunnige vurderinga, og til å finna fram til eit forsvarleg opplæringstilbod for eleven. Dette kan innebere å tilpassa timeplanar, lærarressursar, undervisningslokale, læremiddel og anna utstyr. Men ein frist på fire veker skal i alle tilfelle vere mogleg å overhalda.

I alle enkeltvedtaka vi har gjennomgått finn vi ei skildring av kva fag eleven skal ha spesialundervisning i. I tillegg finn vi tal på timar og kva kompetanse utførar vil ha (spesialpedagog, fagarbeidar eller annan kompetanse). Dessutan seier vedtaka også noko om korleis opplæringa skal organiserast. I omtalen av organiseringa blir det kort skissert om undervisninga skal gjennomførast i klasserommet, i gruppe, som aleine-undervisning eller ved ein alternativ opplæringsarena.

Vidare ser vi at i dei fleste vedtaka er det samsvar mellom talet på timar med spesialundervisning i vedtaket og talet på tilrådde timar i den sakkunnige vurderinga. Men vi ser også at i nokre enkeltvedtak er det innvilga *fleire* timar enn kva som er tilrådd, utan at dette er nærmare grunnlagt. Kommuneleiinga framhev i intervju at dette er innafor lovens krav, sidan elevane får meir og ikkje mindre enn kva PPT tilrår i sin sakkunnige vurdering, og utan at timetalet går utover andre elevar si opplæring. Det er skulen v/ rektor som kjenner eleven og ressurs situasjonen best, og det må difor vere eit handlingsrom her utan at dette treng grunnleggjast. Av gjennomgangen ser vi også at alle vedtaka inneheld opplysningar om klagemoglegheiter.

1.6.3 GJENNOMGANG AV INDIVIDUELLE OPPLÆRINGSPLANAR

Ein individuell opplæringsplan (IOP) skal beskriva måla, innhaldet og organiseringa av spesialundervisninga til ein elev, og er såleis viktig for å sikra at eleven får ein tilpassa opplæring som fremjar hans eller hennar læring og utvikling. Planen er også eit verktøy for samarbeidet mellom skulen, eleven og føresette, fordi skulen skal her dokumentera progresjon og den fortløpande vurderinga av eleven. Planen utarbeidast i samråd med eleven og foreldra, basert på den sakkunnige vurderinga frå PPT, og skal reviderast minst ein gong i året eller oftare ved behov.

Av dei 19 gjennomgatte sakene som gjeld elevar som har fått vedtak om spesialundervisning skuleåret 2022/23, ser vi at det manglar ein individuell opplæringsplan i fire saker. I tre av desse sakene er IOP-skjemaet å finna i mappa, men skjemaet er ikkje utfyllt. I den siste saka manglar også skjemaet.

I intervju fortel skulane at dette er ein glipp, og at lærarane gjerne skriv fleire planar, som til dømes ein åtferds-plan til eleven, og at dei under denne prosessen kan ha gløymt den individuelle opplæringsplanen. Dette er likevel ikkje tilfredsstillande og dei intervjuja framhev at dei her har eit forbettringspotensial.

Etne kommune har sjølv satt ein frist på 3 veker eller uke 40 for når den individuelle opplæringsplanen skal vere utarbeida. Kva frist som gjelder (tre veker eller uke 40) er nærmare spesifisert i vedtaket. I vår gjennomgang ser vi at fristen for utarbeiding av individuell opplæringsplan berre er halde i fire av dei 19 gjennomgatte sakene. Både skulen og kommuneleiinga framhev i intervju at dei kan bli betre på dette, og at det er eit klart ønskje å halda fristen i større grad. Her ser dei eit stort forbettringspotensial.

1.6.4 GJENNOMGANG AV ÅRSRAPPORTAR

I høve til Etne kommune sin eigen rutine *Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte* skal alle elevar med vedtak om spesialundervisning få utarbeida ein årsrapport. Årsrapporten skal gi ein skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. Dette kan hjelpe skulen, eleven og foreldra å sjå om opplæringstilbodet er tilpassa elevens behov og mål. Årsrapporten skal danne grunnlaget for å vurdere om det er behov for vidare spesialundervisning, eller om eleven kan få eit tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Dersom behovet framleis er til stades, skal vurderinga gi grunnlag for å eventuelt justere det vidare arbeidet, anten det gjeld innhald, arbeidsmåtar, organisering eller metodar.

I høve til gjeldande rutine skal årsrapporten sendast til eleven/føresette. Dette skal sikra at dei får nødvendig informasjon om elevens situasjon og rettar, og at dei kan følgje opp eventuelle utfordringar eller endringar i opplæringa.

I intervju med kommuneleiinga får vi opplyst at fast praksis er at årsrapportane skal vere utarbeida før sommarferien, for elevar som har hatt vedtak om spesialundervisning i det avsluttande skuleåret. I vår gjennomgang av elevar med spesialundervisning skuleåret 2022/23 ser vi at det per august 2023 er det utarbeidd årsrapportar i 12 av 19 saker. Med andre ord viser gjennomgangen at ikkje alle årsrapportar blir utarbeidd innanfor frist.

I alle dei 12 årsrapportane som er utarbeidd, finn vi ei skildring av i kvar grad det er naudsynt å revurdere kompetanse- og læringsmåla. I ti av desse blir det sagt noko om i kva grad eleven framleis har behov for spesialundervisning. I intervju framhev skulane at spørsmålet om eleven framleis vil ha behov, er eit spørsmål som ikkje er så naturleg å svara på i årsrapporten. Kommunen sin mal for utarbeiding av årsrapport krev at skulen svarar ut dette, men når den tid kjem at årsrapporten skal utarbeidast, er som hovudregel spørsmålet for lengst avgjort, ofte eit halvt år tidlegare. Men begge rektorane fortel at dei vil sørge for at alle nye årsrapportar får eit avsnitt om dette likevel. I tillegg arrangerer kommunen eit dialogmøte med PPT i perioden november til januar, før ein eventuelt gjentar oppmeldinga.

1.6.5 VURDERING

I vår gjennomgang finn vi at skriftleg samtykke er innhenta i alle sakene, og at samtykket er innhenta før tilvising til PPT. Dei fleste har fått enkeltvedtaket fatta kort tid etter at den sakkunnige vurderinga vart utarbeida, men her finns det unntak på begge skulane kor sakshandsaminga er svært lang. Skulane framhev at i perioden det formelle ikkje har vore på plass har elevane likevel fått tilpassa undervisning, og at lærarane ikkje ventar med å sette inn tiltak før vedtak er fatta. Tiltak overfor eleven blir satt inn lenge før, framhev dei. Men etter vår

vurdering er det stor skilnad på ein formell rett til spesialundervisning gjennom eit enkeltvedtak og tiltak innanfor tilpassa opplæring. Vår vurdering er at Etne kommune har eit klart forbettringspotensiale her.

I alle enkeltvedtaka vi har gjennomgått finn vi ei skildring av kva fag eleven skal ha spesialundervisning i. I tillegg finn vi tal på timar og kva kompetanse utførar skal ha (spesialpedagog, fagarbeidar eller annan kompetanse). Dessutan seier vedtaka også noko om korleis opplæringa skal organiserast.

I nokre enkeltvedtak er det innvilga *fleire* timar enn kva som er tilrådd, utan at dette er nærmare grunngjeve. Dette er innfor lovens krav, sidan elevane får meir og ikkje mindre enn kva PPT tilrår, så lenge dette ikkje går utover dei andre elevane. Sidan det er skulen v/ rektor som kjenner både eleven og ressursituasjonen best, må rektor kunne ha eit visst handlingsrom utan at dette treng grunngjevast. Positivt er også at alle vedtaka inneheld opplysningar om klagemoglegheiter.

Diverre finn vi at det manglar ein individuell opplæringsplan i 4 av 19 saker. At skulen ser ut til å ha gløymt denne planen er ikkje tilfredsstillande, og kommunen har her eit klart forbettringspotensial. Etter vår vurdering er den individuelle opplæringsplanen viktig å få på plass, då den beskriv både mål, innhald og organisering av spesialundervisninga, samt progresjon og skulens fortløpande vurdering av eleven. Planen er dessutan eit viktig verktøy for samarbeidet med dei føresette. Vår gjennomgang viser også at fristen for å utarbeide individuell opplæringsplan er halde i berre 4 av 19 saker.

Fast praksis er at årsrapportane skal vere utarbeida før sommarferien for elevar med vedtak om spesialundervisning inneverande skuleår. I vår gjennomgang ser vi at årsrapport er utarbeidd innan fristen i 12 av 19 saker.

Årsrapporten er eit viktig dokument for å få oversikt over opplæringa eleven har fått, og for å få ei vurdering av utviklinga til eleven. Dette kan hjelpe både skule, elev og foreldre til å sjå om opplæringstilbodet er tilpassa eleven sine behov og mål. I høve til gjeldande rutine skal årsrapporten sendast til eleven/føresette. Dette sikrar at dei får nødvendig informasjon om eleven sin situasjon og rettar, og at dei får moglegheit til å følgje opp eventuelle utfordringar eller endringar i opplæringa. Etter vår vurdering har årsrapporten ein viktig funksjon.

I alle dei 12 årsrapportane som er utarbeidd finn vi ei skildring av i kva grad det er naudsynt å revurdere kompetanse- og læringsmåla. Men i berre ti av desse blir det sagt noko om i kva grad eleven framleis vil ha behov for spesialundervisning. Etter vår vurdering er det viktig at

årsrapporten seier noko om behovet for spesialundervisning framover. Er behovet framleis til stades, kan vurderinga i årsrapporten gi grunnlag for eventuelt å justere det vidare arbeidet, anten det gjeld innhald, arbeidsmåtar, organisering eller metodar, noko som er viktig for å sikra eleven eit tilfredsstillande læringsutbytte.

På denne bakgrunn er det vår tilråding at Etne kommune sørger for at vedtak om spesialundervisning blir fatta innan gjeldande frist. I tillegg må Etne kommune sørge for at alle elevar med vedtak om spesialundervisning får utarbeida ein individuell opplæringsplan og årsrapport til rett tid. Sistnemnde må seie noko om eleven framleis har behov for spesialundervisning.

VEDLEGG

Kjelder:

Munnlege kjelder:

- Kommunalsjef Oppvekst
- Rådgjevar Oppvekst
- Rektor Skånevik skule
- Inspektør Skånevik skule
- Spesialpedagogisk koordinator Skånevik skule (skuleåret 2022/23)
- Rektor Enge skule
- Avdelingsleiar Enge skule
- Avdelingsleiar Enge skule
- Leiar PPT Etne og Vindafjord

Skriftlege kjelder:

- Årsmelding 2021 Etne kommune
- Budsjett og økonomiplan 2023-26 Etne kommune
- Kommunebilette Etne mars 2023, Statsforvaltaren Vestland
- Kvalitetsplan Etne kommune 2020-24
- Rettleiar Skulenærvær Etne kommune
- Informasjonsskriv Skulenærvær Etne kommune
- Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte Etne kommune
- Mal for utarbeiding av vedtak om spesialundervisning Etne kommune
- Mal for utarbeiding av årsrapport Etne kommune
- Mal for utarbeiding av individuell opplæringsplan Etne kommune
- Mal for sakkunnig vurdering frå PPT Etne kommune
- Mal for samtykke til vedtak om spesialundervisning Etne kommune
- Plan for handtering av utfordrande åtferd i barnehage og skule Etne kommune
- Oversikt over ulike kartleggingar i Etne-skulen
- Mal for utarbeiding av Pedagogisk rapport Etne kommune
- Rutine Stafettlogg Etne kommune
- Rutine uro for læringsutbytte Etne kommune
- Samarbeidsavtale om PPT for Etne og Vindafjord
- Samtykke til vedtak om spesialundervisning
- Skjema for tilvising av individsak barnehage og skule
- Tilstandsrapport
- Skjema for tilvising av systemsak til PPT
- Bli Z – den beste deg. Kompetanseutviklingsplan for Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis 2023-25

Kompetanseløftet

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis vart vedteken av Stortinget i juni 2020 som ein del av Prop. 1 S (2019–2020) Statsbudsjettet 2020. Kompetanseløftet er eit tiltak for leiarar og tilsette i barnehagar, skular og PP-tenesta som starta hausten 2020 og som skal byggjast opp gradvis i perioden fram til 2025. Etter det vil dette bli ei varig ordning.

Kompetanseløftet består av tilskot til kollektiv etterutdanning, utvikling av relevante nettressursar og kompetansepakkar og vidareutdanningstilbod i spesialpedagogikk (Kjelde: Utdanningsdirektoratet).

Oppvekstreforma

Oppvekstreforma som trådde i kraft 1. januar 2022 har som mål å styrke barnevernet, og gi kommunane meir ansvar og moglegheiter til å tilpasse tenestetilbodet til barn og familiar sine behov. Reforma skal også bidra til meir førebygging og tidleg innsats, og betre rettstryggleiken til barn og familiar. Reforma handlar ikkje berre om barnevernet, men om heile oppvekstsektoren. Derfor blir barnevernsreforma i tillegg omtalt som ein oppvekstreform. Dei viktigaste endringane i reforma er:


- Kommunane får eit auka finansieringsansvar for barnevernstiltak, som ordinære fosterheimar, spesialiserte hjelpetiltak, spesialiserte fosterheimar, institusjon og akutt-tiltak.
- Kommunane får eit heilskapleg ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimane.
- Statens spesialiserte tilbod blir tydeleggjort i lova, som spesialiserte fosterheimar, utgreiing av sped- og småbarn, spesialiserte hjelpetiltak og sentre for foreldre og barn.
- Krav om årleg rapportering om barnevernet til kommunestyret.

(Kjelde: Bufdir.no).

Kjenneteikn ved kommunar i kommunegruppe fire


Kommunegruppe fire består av 226 kommunar, som utgjer 63 prosent av alle kommunane i Noreg. Kommunane har i gjennomsnitt 7 300 innbyggjarar, 14,2 elevar per lærar på 1.-4. trinn og 15,1 elevar per lærar på 5.-7. trinn.

Figur 1 i vedleggsdel: Prosentdel elevar på femte trinn på lågaste meistringsnivå på nasjonale prøver i Etne kontra snittet kommunegruppe, fylke og landet, siste tre år (Kjelde: Etne kommune)



På femte trinn er prosentdel på lågaste meistringsnivå høgare enn snittet i kommunegruppa, fylket og landet. Med andre ord scorar Etne-elevane på femte trinn dårlegare enn snittet i både kommunegruppa, fylket og landet. Dette gjeld alle tre år og alle tre faga. Men på åttande trinn har resultata dei seinaste åra blitt betre, dersom vi konsentrerer oss om lesing og engelsk;

Figur 2 i vedleggsdel: Prosentdel elevar på åttande trinn på lågaste meistringsnivå på nasjonale prøver i Etne kontra snittet kommunegruppe, fylke og landet, siste tre år



(Kjelde: Etne kommune. Tal for kommunegruppe 4 finst diverre ikkje)

På åttande trinn er prosentdelen på lågaste meistringsnivå betra seg i lesing og engelsk (det er no færre på lågaste meistringsnivå enn tidlegare. Sjølv om det har vore ei negativ utvikling blant Etne-elevane i rekning, ligg dei framleis under snittet i fylket og landet. I 2023 kjem Etne-elevane betre ut enn både fylkes- og landssnittet i alle tre fag.

Vedlegg til kommunedirektøren sin kommentar


Kommunen si sjekkliste ved gjennomgang av høyringsutkastet til forvaltningsrevisjonsrapporten:

Punkt i forvaltningsrevisjon:	Status i følge rapport	Status pr. januar 2024
Rutine, samhandling for eleven sitt læringsutbytte er oppdatert	Detaljert rutine på plass	Ok. Skuleeigar har hatt ei oppdatert sist desember 2023 på samhandlingshjulet. Sjå bilete under tabellen.
Alle arbeider etter denne rutinen	Forbettringspotensiale	Har gode rutinar og har hatt ein god gjennomgang i haust på desse.
Dokumentasjon av kartleggingar og tiltak ein set inn.	Forbettringspotensiale	Skulane har ein felles plan for kartleggingar, som dei også deler med Vindafjord, då me har felles PPT. Stafettlogg – alle skal bruka den for dokumentasjon av tiltak.
Korleis dokumentera tiltak innanfor det allmennpedagogiske når ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?	Overgang blg – skule. Kartleggingar. Meir bruk av PPT i det førebyggjande.	Dokumentasjon av at rutinen blir følgt. PPT seier i planen at dei ynskje å bidra meir. Dei er i haust tettare på skulane, er med i ressursgruppene, og har signalisert at det er bra slik det er nå. Hausten har vore brukt til å landa ei felles forståing for samhandlinga. Stafettloggen skal brukast for dokumentasjon.
Resultat frå kartleggingsprøvar og bruk av desse.	Udir sin plan for kartleggingar. PPT tilbyr rettleiing.	Skulane har ein felles plan for kartleggingar som er laga i samarbeid med PPT. Skulane kan bruka PPT meir i etterarbeid av desse kartleggingane.
Stafettlogg	Intervju viser usikkerhet. Styrka opplæring og informasjon.	Skulane har hatt oppfriskingskurs denne hausten i Stafettloggen der PPT har vore med i kursingen. Det har vore litt uvilje frå nokre foreldre om å ha Stafettlogg, men det vil bli lagt vekt på i tida som kjem å ikkje spørja om ein vil ha, men visa til at dette er eit verktøyet som me i Etne skal bruka.
Pedagogisk analyse	Intervju viser usikkerhet. Styrka opplæring og informasjon.	Det blei bestemt våren 2023 at pedagogisk analyse skal brukast. Det trengs tid før ein blir god i dette, og det er lagt opp til felles øvingar i regi av kommunen, men også på den enskilde skule. Skulane ynskjer å bruka pedagogisk analyse i arbeidet for å laga gode tiltak i det pedagogiske arbeidet. Begge skulane har jobba godt med dette i haust. Hatt kursing i pedagogisk analyse også i leiargruppa saman med PPT for å sikra at samarbeidet og ei felles forståing for våre mandat. Pedagogisk analyse har også vore tema i utviklingstid og i ressursgruppene ved begge skulane denne hausten.
Tid frå sakkunnig vurdering til vedtak blir fatta	Greitt i 13 av 19 saker. For lang tid i resten av sakene.	Nye rektorar melder i frå at slik vil det ikkje vera i framtida.
Grunngjeving når avvik mellom sakkunnig vurdering og vedtak.	Manglar når gitt fleire timar.	Ei sakkunnig vurdering er ei tilråding. Rektor vurderte her at det var behov for meir enn tilråding. Det vil i tida som kjem vera ei grunngjeving når det er avvik i frå sakkunnig vurdering.
Vedtak med informasjon om klagerett	Alle vedtaka har med dette.	ok
Alle elevar med vedtak om spes. skal ha ein IOP	Elevar manglar IOP.	Alle elevar med vedtak har IOP.
Utarbeiding av IOP, frist på 3 veker etter vedtak er fatta, veke 40 for nye saker nytt skuleår.	Få utarbeida innan fristen. 4 av 19 saker innan fristen.	Mal i websak er endra slik at ein sikrar at det kjem inn ein dato for IOP i vedtaket.



Årsrapport ferdig før sommaren	Pr. august er det utarbeidd 12 av 19 årsrapportar	Det er lagt inn i malen i websak at årsrapportane skal vera ferdig før 25. mai. Det blir lagt inn ein setning om dette i vedtaket.
Årsrapport - frampeik om behov vidare	Manglar i to årsrapportar.	Malen i websak er endra. Rektorane sjekkar også årsrapportar våren, når ein skal skriva nye vedtak.
Kjenner alle og brukar alle «Kvalitetssikring av utbyttet til elevane»?	Rutinane er der, men blir ikkje følgt.	Denne kjenner dei tilsette – har vore gjennomgått i haust.
Samhandlingshjulet	Detaljert, men blir ikkje følgt.	Har vore gjennomgått i personalet i haust, og ved nye tilmeldingar. Blir lagt inn i planleggingsboka for neste skuleår.
Større bruk av PPT i det førebyggjande og i systemsaker.	Faste møte, fast kontaktperson. PPT for lite involvert i det førebyggjande. Ressursgruppene gjer at forholda er lagt til rette.	Rektorane i dag kjenner seg ikkje igjen i det som står i rapporten knytt til dette. Rektor har meldt inn systemsak og ventar på svar hjå PPT. Ressursgruppene er etablert, og PPT er med i desse.
Lærartettleik og kompetanse	I orden.	ok
Omfang av spesialundervisning	Nedgang seinare åra. Meir spes. for dei yngre.	Målet er å få fleire barn og unge inn i det ordinære, det betyr at me skal bli endå betre på å leggja til rette for fleire strev og vanskar i det ordinære.

Revidert utgåve av «Samhandlingshjulet» (mottatt i høyringsrunden)



(Kjelde: Etne kommune)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.01.24	03/24
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		212

ROGALAND REVISJON IKS - OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.

Vedlegg: engasjementsbrev frå Rogaland Revisjon, dagsett 13.11.23

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal halde seg informert om revisjonsarbeidet og sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet må difor ha kunnskap om revisor sine oppgåver og ansvar.

Saksorientering

Revisor har i sitt engasjementsbrev omtala si forståing av revisjonsoppdraget og innhaldet i revisjonsarbeidet med utgangspunkt i revisjonsvedtektene som gjeld for kommunar og fylkeskommunar. Brevet omtalar revisor sine oppgåver og plikter og kva revisor ventar at leiinga og administrasjonen gjer i samanheng med at dei legg fram rekneskapen. Eit av hovudpunkta i brevet omtalar rapportering frå revisor og dialog med kontrollutvalet og administrasjonen. Den/dei som utfører revisjon eller annen kontroll for kommunen skal jamleg vurdere sin sjølvstendige status. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin sjølvstendige status til kontrollutvalet. Eigenerklæring frå oppdragsansvarleg revisor blei handsama i møtet 22.11.23.

Sekretariatet sine vurderingar

Engasjementsbrevet frå revisor gir kontrollutvalet kunnskap om revisor si rolle og ansvarsområde. Det blir gitt informasjon om lov, forskrifter og faglege standardar som ligg til grunn for revisor sitt arbeid. Informasjonen er grunnleggjande for kontrollutvalet sine oppgåver, mellom anna med å sjå til at rekneskapen blir revidert på trygt vis.

Aksdal, 23.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Etne kommune

ENGASJEMENTSBREV - ETNE KOMMUNE

1. Innledning

Rogaland Revisjon IKS ble gjennom selskapsavtale sist justert 17.03.2023, valgt til revisor for Etne kommune. Revisjonen består av regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov og andre uttalelser og kontrollhandlinger, og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet, årsregnskapene for kommunale foretak og konsolidert årsregnskap.

Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner og fylkeskommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at utvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

Utkast til budsjett fremmes til kontrollutvalget, som iht. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 legger frem eget budsjett for kommunestyret for godkjenning. Rogaland Revisjon IKS legger frem tertialrapport over tidsforbruk sammenholdt mot rammen. Tilleggstjenester avtales spesielt.

2. Revisjonen - formål og innhold

Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov, jf. kommuneloven § 24-2. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av NKRF – kontroll og revisjon i kommunene er vi underlagt jevnlig eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget i samsvar med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19.

Ledelsens ansvar

I henhold til kommuneloven er kommunedirektøren ansvarlig for at kommunens interne kontroll og forskrifter følges, herunder at økonomiforvaltningen er ordnet på en betryggende måte. Det er også kommunedirektørens ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestemmelsene i kommuneloven, forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. og god kommunal regnskapsskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller mv. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste ansvaret for å kontrollere den kommunale forvaltning. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå løpende kontroll med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunens regnskap blir forsvarlig revidert. Videre skal kontrollutvalget påse at det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet og av selskaper kommunen har eierinteresser i. Kontrollutvalget skal også påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper (eierskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak, kommuneloven § 23-3.

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring, jf. kommuneloven § 23-4.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide planer som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller. Planene skal baseres på en risikovurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper og av kommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Planene skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller basert på plan vedtatt av kommunestyret.

Innenfor forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll vil være beskrevet ved planlegging og rapportering av hvert oppdrag, slik at denne oppgaven

ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Oppdragsansvarlig revisor utpekes av revisjonsenheten til hvert oppdrag i forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Regnskapsrevisjon

Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave å kontrollere om årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon og å avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om at revisor har betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon og at det er avgitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Vi kontrollerer om årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever, og om opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet. Vi ser også etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene er dekkende beskrevet i årsberetningen.

Årsregnskapet, herunder konsolidert årsregnskap, skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis senest 31. mars.

Videre er det vår oppgave å se etter at kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for kommunens eller enhetens utarbeidelse av årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll. Slike revisjoner eller gjennomganger vil eventuelt kunne avtales.

Generelt vil en effektiv intern kontroll redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil påvirkes av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunens interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen

I samsvar med kommuneloven § 24-9 er det vår oppgave å se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Kontrollen skal i utgangspunktet gjennomføres med begrensede ressurser og baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering som legges fram for kontrollutvalget. Resultatet av kontrollen rapporteres i en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget som avgis senest 30. juni.

Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og avgis etter RSK 301 «Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen». Standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå moderat sikkerhet i uttalelsen om etterlevelse på det området som velges for kontroll.

Misligheter

Revisor bidrar gjennom revisjonen til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal revisor straks melde fra om det til kontrollutvalget i nummerert brev, dette fremkommer i kommuneloven § 24-7.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende nytt brev til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av brevet til kommunedirektøren.

Andre bekreftelser enn revisjonsberetningen som inngår i oppdraget

Vi vil avgi følgende revisorbekreftelser mv. i samsvar med lov og god kommunal revisjonsskikk:

- Underskrift på kontrolloppstilling over bokførte og innberettede beløp (skatteforvaltningsforskriften § 7-2-11)
- Kompensasjonsmelding for merverdiavgift
- Bekreftelser på prosjektregnskap o.l. i henhold til ISA 805
- Uttalelse om kommunens dokumentasjon for låneopptak, jf. kommuneloven § 14-14
- Bekreftelse av kommunens rapportering av antall personer med psykisk utviklingshemming
- Refusjonskrav for utgifter til særlig ressurskrevende tjenesterhelse- og omsorgstjenester
- Andre revisjonsbekreftelser etter forespørsel fra kommunen

Oppdragsansvarlig revisor

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor er undertegnende.

Eventuelt skifte av oppdragsansvarlig regnskapsrevisor vil bli varslet skriftlig til kontrollutvalget.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Dette følger av kommunelovens § 24-2 femte ledd. Det er gjort unntak fra taushetsplikten for rapportering av mulige straffbare handlinger, herunder ivaretagelse av rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Taushetsplikten gjelder ubegrenset i tid, også etter at oppdraget er avsluttet.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

Våre leverandører av IKT-tjenester og -programvare får tilgang til fortrolig informasjon når det er nødvendig i forbindelse med drift av og endringer i våre informasjonssystemer. Vi har ansvar for å ha et forsvarlig system for informasjonssikring. Dette omfatter også våre leverandører av IKT-tjenester.

Årsregnskapet, herunder konsolidert årsregnskap, skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis senest 31. mars.

4. Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det.

Revisjonen utarbeider oppstartsbrev årlig i forbindelse med oppstart av regnskapsrevisjonen og ved oppstart av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet og eierskapskontrollen. Oppstartsbrevene sendes administrasjonen.

Revisjonen rapporterer forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller til kontrollutvalget i egne rapporter.

Regnskapsrevisjonen rapporteres slik til kontrollutvalget:

1. Presentasjon av revisjonsstrategi ved inngangen til nytt revisjonsår
2. Oppsummering av årets revisjon og revisjonsresultater ved avslutning av revisjonen
3. Revisjonsberetning
4. Nummererte brev (se nedenfor)
5. Skriftlig uttalelse om forenklet etterlevelseskontroll

Vi legger vekt på å ha en god dialog med kontrollutvalget.

Nummererte brev

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men som vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse at forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til kommuneloven § 24-7 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev:

- a. vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b. vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c. vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d. manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e. enhver mislighet
- f. hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g. hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp i nummererte brev, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

Brev med påpekning av mindre vesentlige feil eller mangler vil bli sendt direkte til administrasjonen.

Uttalelser fra kommunens ledelse

I forbindelse med årsavslutningen vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om fullstendigheten og riktigheten av de opplysninger som gis i årsregnskapet. På samme måte er vi pålagt å innhente skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv. Disse uttalelsene vil innhentes fra administrasjonen.

I forbindelse med avslutningen av forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen innhenter revisor en skriftlig uttalelse fra ledelsen for den aktuelle kontrollen.

5. Personvern

For å gjennomføre revisjonen og andre oppdrag under dette engasjementsbrevet, vil vi behandle personopplysninger slik det er beskrevet i vår personvernerklæring.

Personvernerklæringen er tilgjengelig på vår nettside [Hjemmeside - revisjonsselskap]. Vi er behandlingsansvarlig etter personvernreglene for de personopplysningene vi behandler i forbindelse med oppdraget og vi inngår derfor ikke en databehandleravtale.

6. Andre tjenester

Vår organisasjon har medarbeidere med betydelig kompetanse og praksis innenfor mange fagområder. Dette gjør oss i stand til å yte kompetent veiledning til dere, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i et stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innenfor intern kontroll, merverdiavgift, regnskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjøre innenfor vår oppgave som revisor.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder, og vi ser frem til et godt og konstruktivt samarbeid. Hvis noe er uklart eller utvalget har spørsmål, er det bare å ta kontakt.

Stavanger, 13.11.2023
Rogaland Revisjon IKS


Tore Kristensen
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.01.24	04/24
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

21.05.24	administrasjonen v/kommunedirektør
24.09.24	oppvekst og kultur v/kommunalsjef
19.11.24	utvikling og drift v/kommunalsjef
1. møte 2025	helse og omsorg v/kommunalsjef
2. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
3. møte 2025	personalsjef
4. møte 2025	IKT-avdelinga

Tidsramma vert sett til 30 minuttar inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.


Saksorientering:

Kontrollutvalet i førre periode var nøgd med å få orienteringar om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda. Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2024 og for neste år.

Kontrollutvalet vil på denne måten kunne bli betre kjent med kommunen si drift og utfordringar.

Ut frå planen blir einingsleiarane invitert til kontrollutvalsmøta, for på generell basis å gjere greie for sitt arbeids- og ansvarsområde.

Etne kommune sitt organisasjonskart (henta frå heimesida):



Dersom utvalet ønskjer det kan planen seinare bli oppdatert og ein kan invitere andre leiarar som til dømes skulesjef, barnehagesjef, eller andre fagsjefar.

Sekretariatet har laga eit framlegg til plan for dei ulike orienteringane. Utvalet kan endre på planen slik dei måtte ønskje. Det kan uansett bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, kan dei sendast sekretariatet i forkant av møtet.

Aksdal, 23.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.01.24	05/24
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2023 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2023

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2023 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2023 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 23.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I ETNE



ÅRSMELDING
2023

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2023.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal **"kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret"**.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret. Utvalet rapporterer og legg fram sine innstillingar direkte til kommunestyret. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsamt, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMENE I UTVALET

For valperioden 2019 - 2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Tollef Rullestad (Ap)
Nestleiar	Ragni Sunniva Fett (V)
Medlem	Kjetil Winterthun (Frp)
Medlem	Øyvind Kaldheim (Krf)
Medlem	Nina Vierdal Vee (Sp)

Varamedlemmer

1. Andreas Grumheden (Ap)
2. Wenche I. S. Drange (H)
3. Gunnar S. Løhaugen (Sp)

For valperioden 2023 – 2027 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Kurt Birger Hagen (INP)
Nestleiar	Anna Rødne Gjerde(Frp)
Medlem	Tollef Rullestad (Ap)
Medlem	Kjell Tore Klundland (V)
Medlem	Gerd Skumsnes Sørhus (Krf)

Varamedlemmer

1. Pål Steinar Rullestad (Ap)
2. Ivan Kaldheim (H)
3. Kjell Magne Hegerland (INP)

Utvalsleiar Kurt B. Hagen er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har delteke på to av møta.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Kommunedirektøren eller andre frå administrasjonen har vore til stades på to av møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2023

Kontrollutvalet har i 2023 hatt 4 møte, fordelt på to om våren og to om hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held møta på tinghuset.

Utvalet har hatt 21 saker til handsaming, kor 3 saker blei sendt til kommunestyret. 39 saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Det var fleire frå det nyvalde utvalet som deltok på opplæringskveld i Aksdal 14.11.23.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sete og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytt til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 22.05.23, sak 06/23 kommunen sin årsrekneskap for 2022 til handsaming.

Årsrekneskapen viste eit netto driftsresultat med 9,3 mill. kr, som utgjer 2,1 % av driftsinntektene. Dette er litt høgare enn anbefalt nivå, som er 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 27.10.20, sak 56/20.

Rogaland Revisjon sin forvaltningsrevisjonsrapport om «Kontrakts- og leverandøroppfølging» blei handsama av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2022. Revisor hadde peika på fleire forbetringsspunkt, og kom med 3 tilrådingar. Det blei gitt ein frist på ni månader for oppfølging. Kontrollutvalet og kommunestyret handsama oppfølging av rapporten i september 2023, og tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.

Prosjektet om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» som utvalet har tinga frå revisor vil bli levert på nyåret 2024.

Utvalet har også tinga ny risiko- og vesentleganalyse frå revisor. Denne analysen skal danne grunnlaget for nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2023 – 2027. Utvalet vil arbeide med desse planane i løpet av 2024.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll.

Planen for 2020 - 2024 og retningslinjene for eigarskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møtet 27.10.20, sak 55/20.

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2023.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år egenerklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sin revisor frå 01.07.21, med Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 10.06.21, sak 25/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimisrevisjonsarbeidet og lagt fram plan for forenkla etterlevingskontroll.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon kom med si uttale for rekneskapsåret 2022 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen.

Revisor hadde undersøkt etterleving av framlegging av politiattest. Revisor hadde nokre merknader og utvalet vedtok å be om ei tilbakemelding frå administrasjonen innan 01.09.23.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå administrasjonen som vart handsama i møtet 13.09.23.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2023:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2022	BUDSJETT 2023	REKNESKAP 2023
Godtgjersle og driftsutgifter	74 999	100 700	59 276
Revisjonstenester	862 045	721 500	763 344
Sekretariatstenester	195 000	202 800	202 800
Sum utgifter (eks.mva.)	1 132 044	1 025 000	1 025 420

Rogaland Revisjon har opplyst at kostnadane til revisjonen blei noko høgare enn budsjettet. Dette skuldast mellom anna overforbruk på rekneskapsrevisjon og attestasjonar grunna meirarbeid med årsoppgjøret.

Kontrollutvalet handsama hausten 2023 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2024. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 144 000.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Ståle Tungesvik valt medlem i representantskapet med Trude Enge som varamedlem. Ståle Tungesvik deltok på representantskapsmøte 24.04.23

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2023 har vore som planlagt. Rekneskapen for 2022 blei handsama i mai. Forvaltningsrevisjonsrapport om «Kontrakts og leverandør-oppfølgning» blei følgd opp av utvalet og kommunestyret på hausten.

Prosjektet om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» vil bli levert på nyåret 2024. Utvalet har tinga ny risiko- og vesentleganalyse frå revisor.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Etne, 30. januar 2024

Anna Rødne Gjerde

Knut Birger Hagen
Leiar

Gerd Skumsnes Sørhus

Tollef Rullestad

Kjell Tore Klungland

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2023

Oversyn over saker til handsaming:

- 01/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 14.11.22
- 02/23 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»
- 03/23 Årsmelding for kontrollutvalet 2022
- 04/23 Referat- og orienteringssaker 15.02.23

- 05/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.02.23
- 06/23 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2022
- 07/23 Forenkla etterlevingskontroll for 2022 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
- 08/23 Referat- og orienteringssaker 22.05.23

- 09/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.05.23
- 10/23 Oppfølging av rapport «Kontrakts- og leverandøroppfølging»
- 11/23 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll for 2022
- 12/23 Kontrollarbeidet i kommunen – budsjettforslag 2024
- 13/23 Evaluering av kontrollarbeidet for perioden 2019 - 2023
- 14/23 Referat- og orienteringssaker 13.09.23

- 15/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 13.09.23
- 16/23 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
- 17/23 Revisor si eigenerklæring for 2023
- 18/23 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for 2023
- 19/23 Bestilling av risiko- og vesentlegheitsvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023 - 2027 for Etne kommune
- 20/23 Møteplan for 2024
- 21/23 Referat- og orienteringssaker 22.11.23

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	30.01.24	06/24
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene 1 – 5 vert tatt til orientering.

Saksvedlegg:

1. Statusrapport pr. januar 2024
2. Kst. vedtak 12.12.23, sak 105/23 – nytt val av kontrollutval 2023 – 2027
3. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst 08.12.23
4. Dagskonferansen i Sandnes 18.01.24 – oppsummering v/leiar
5. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse 4. – 5. juni på Gardermoen

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 23.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær



Kontrollutvalet – statusoversikt januar 2024

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
ROV og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	22.11.23	115 timer	Prosjekt-mandat er klart	Våren 2024	
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	15.02.23	30.01.24			Igangsetjing blei utsett

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp KU/ KST	Merknader
Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	25.11.19	21.09.20	27.10.20		
Risiko- og vesentlegvurderingar	25.11.19	18.05.20	27.10.20		
Kontrakts- og leverandøroppfølging	07.02.22	14.11.22	12.12.22	13.09.23/ 26.09.23	
Trygt og godt skulemiljø	08.02.21	27.09.21	28.10.21, sak 52/21	19.09.22/ 08.11.22	Deloitte
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	18.05.20	10.05.21	10.06.21, sak 32/21	07.02.22/ 22.02.22	6 kommunar deltok
Innkjøp	19.11.18	23.09.19	29.10.19	21.09.20/ 27.10.20	
IKT og informasjons-tryggleik	20.11.17	17.09.18	31.10.18	20.05.19 og 17.02.20/ 19.06.19 og 16.06.20	Samarbeids-prosjekt med Vindafjord
Sjukefråvær	13.02.17	02.10.17	17.10.17	14.05.18/ 20.06.18	

Orienteringar

Tema	Bestilt	Møtedato
Administrasjonen	30.01.24	21.05.24
Oppvekst og kultur	30.01.24	24.09.24
Utvikling og drift	30.01.24	19.11.24
Helse og omsorg	30.01.24	2025
Økonomiavd.	30.01.24	2025
Personalavd.	30.01.24	2025
IKT-avdelinga	30.01.24	2025

**ETNE KOMMUNE**

Kommunedirektør

Dato: 20.12.2023

Dokumentnummer: 23/3055-21

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Beate Hetleflåt

*Haugaland Kontrollutvalssekreteriat IKS***Val av kontrollutval for perioden 2023-2027, nytt val - melding om vedtak**

Kommunestyre - 105/23, har i møte 12.12.2023 13:00 fatta følgande vedtak:

Samrøystes**Kontrollutval 2023 - 2027**

1. Kurt B Hagen, INP, leiar
2. Anna Rødne, Frp, nestleiar
3. Tollef Rullestad, Ap
4. Kjell Tore Klungland, V
5. Gerd Skumsnes, Krf

Vara

1. Pål Seinar Rullestad, Ap
2. Ivan Kaldheim, H
3. Kjell Magne Hegerland, INP

Med helsing

Beate Hetleflåt

fagleiar politisk

Dokumentet er godkjent elektronisk.


ETNE KOMMUNE

Dato: 24.11.2023

Arkivsak-ID.: 23/3055

JournalpostID: 23/15745

Saksbehandlar: Beate Hetleflåt

Kommunedirektør: Filippo Ballarin Filippo Ballarin

Saksnr.	Utval	Møtedato
105/23	Kommunestyre	12.12.2023

Val av kontrollutval for perioden 2023-2027, nytt val

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Kommunestyre 12.12.2023:

Behandling:

Forslag på vegne av Arbeiderpartiet, foreslått av Andreas Grumheden, Arbeiderpartiet

1. vara: Pål Steinar Rullestad

RØYSTING

Framlegg frå Ap samrøystes vedteke.

K- 105/23 Vedtak:

Samrøystes

Kontrollutval 2023 - 2027

1. Kurt B Hagen, INP, leiar
2. Anna Rødne, Frp, nestleiar
3. Tollef Rullestad, Ap
4. Kjell Tore Klungland, V
5. Gerd Skumsnes, Krf

Vara

1. Pål Seinar Rullestad, Ap
2. Ivan Kaldheim, H
3. Kjell Magne Hegerland, INP

Saksutgreiing

I konstituerande møte 03.10.23 vart det vald nytt Kontrollutval for perioden 2023-2027.

Dei valde er:

K- 053/23 Vedtak:

Samrøystes

Kontrollutval 2023 - 2027

1. Kurt B Hagen, INP, leiar
2. Anna Rødne, Frp, nestleiar
3. Tollef Rullestad, Ap
4. Kjell Tore Klungland, V
5. Gerd Skumsnes, Krf

Vara

1. Margaret Bull-Tornøe, Ap
2. Ivan Kaldheim, H
3. Kjell Magne Hegerland, INP

Nye opplysningar i saka:

1.vara Margaret Bull-Tornøe er framleis tilsett i Etne kommune og kan difor ikkje vera medlem eller varamedlem i Kontrollutvalet.

Det må difor gjerast nytt val i saka.

Val av kontrollutval skal skje i konstituerande møte etter at formannskap, ordførar og varaordførar er vald.

Etter kommunelovas § 23-1 første ledd vel kommunestyret sjølv kontrollutval som på Vegne av kommunestyret skal føra laupande kontroll med forvaltninga i kommunen.

Kommunestyret vel og leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst fem medlemmer. Minst 1 av dei valde medlemmene i kontrollutvalet skal vera medlem av kommunestyret. I den nye kommunelova er det og tatt inn ei føresegn om at leiaren ikkje kan vera medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Dei vanlege krava til valbarheit i kommunelova § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld og for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet.

Dette er:

- Ordførar og varaordførar
- Medlemmer og varamedlemmer av formannskap
- Medlemmer og varamedlemmer av folkevald organ med myndigheit til å ta avgjerd (merk at medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret likevel er valbare)
- Medlemmer av kommuneråd
- Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité.
- Tilsette i den aktuelle kommunen
- Personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- Personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap.

Det nedste punktet er nytt i 2018-lova, og gjeld dei tilfella der representantskapa i eit slikt interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis

§ 18-3 fjerde ledd og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slikt organ i realiteten er eit «styre» med dei oppgåvene og myndigheit som normalt ligg til eit styre i eit selskap, kan medlemmene og varamedlemmene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

Kommunestyret kan når som helst halde nyval av medlemene i kontrollutvalet, jf. Kommunelova § 23-1 fjerde legg. I motsetnad til det som gjeld for utval, kan kommunestyret ikkje vedta å leggje ned kontrollutvalet i valperioden. Kontrollutval er eit lovpålagt organ.

Kontrollutvalet i Etne skal ha 5 medlemmer og 3 varamedlemmer.

Etter ynskje frå Haugaland kontrollutvalssekreteriat skal varamedlemmene setjast opp i prioritert rekkefølge (numerisk), uavhengig av partigruppering

Vedlegg:

Val av kontrollutval for perioden 2023 - 2027

Rettleiar om konstituerande møte_med omslag_juni 2023_(265268)

Val og opplæring av kontrollutval for perioden 2023–2027

Val av kontrollutval for perioden 2019 - 2023

Reglement Etne KU oppdatert 2020- 3

Protokoll

REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND VEKST 3/23

DATO: fredag 8. desember 2023

TID: 14.00

STED: Vabakkjen 6, Stord

TIL STEDE

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, Øystein Hagerup
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Ole Bernt Thorbjørnsen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning
Bokn kommune:	Egil Våge, Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal, Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	-
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Rogaland fylkeskommune:	-
Administrasjonen:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad
Velg et element.	

SAKSLISTE

- Sak 07-23: Valg av møteleder**
Karmøy-ordfører Leiv Arne Marhaug ble valgt som møteleder
- Sak 08-23: Godkjenning av innkalling og dagsorden**
Innkalling og dagsorden ble godkjent.
- Sak 09-23: Behandling av budsjett for 2024.**
Representantskapet vedtok budsjett for 2024 som foreslått og framlagt av sekretariatet.

Rådet ønsker at administrasjonen setter opp en økonomiplan for selskapet.

Det ble orientert om at Suldal har meldt seg ut av Haugaland Vekst IKS og Regionrådet for Haugalandet.
- Sak 10-23: Valg av revisor**

KPMG ble valgt til revisor for 2024.
Sekretariatet ser på valg av ny revisor til neste representantskapsmøte.
- Sak 11-23: Valg av styre**

Valgkomiteen har satt i gang arbeidet med å finne nytt styre til Haugaland Vekst. Yngve Folven Bergesen påpekte at det er uheldig med nytt styre og nytt representantskap samtidig og parallelt med utarbeidelse av ny eierstrategi. Valgkomiteen foreslå derfor å prolongere dagens styre til våren 2024. Forslaget ble enstemmig vedtatt.

Sak 12-23: Samarbeidsavtalen mellom Haugaland Vekst og Haugalandsrådet IPR
Saken utgikk.

Kopi: Haugaland kontrollutvalgssekretariat, post@kontrollutvalgene.no



Konferanse 2024 for kontrollutvalgene

Tema for årets konferanse er **KONTROLLUTVALGETS ROLLE OG OPPGAVER.**

[Quality Hotel Residence](#), Sandnes

18. januar 2024

PROGRAM

09:00	Mingling og registrering fra kl 9.15 – 10.00
10:00	Velkommen <i>Carine Jøssang – daglig leder Rogaland Kontrollutvalgssekretariat</i>
10:05	Ny i kontrollutvalget Rogaland Kontrollutvalgssekretariat
10:30	Hvordan håndtere henvendelser til kontrollutvalget? Inklusive Caseoppgaver og benstrekk Solveig Kvamme, Rådgiver, Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
11.45	Lunsj
12:45	Habilitet, regnskap og regnskapsrevisjon Rune Haukaas, Rogaland Revisjon IKS
13:45	Pause
13:55	Forvaltningsrevisjon – erfaringer fra revisor Silje Nygård, leder av forvaltningsrevisjon, Rogaland Revisjon IKS
14:45	Benstrekk
14:50	Samarbeidet mellom kontrollutvalget og kommunen Knut Underbakke, Kommunedirektør Sola kommune Janne Stangeland Rege, Ordfører Sola kommune
15:30	Avslutning og vel hjem

Pris **kr 1400.-** pr. person

Påmelding innen 20. desember 2023

VELKOMMEN!

Fagkonferansen for kontrollutvalg 4. juni – 5. juni 2024

I 2024 arrangeres fagkonferansen 4. juni – 5. juni på **Quality Airport Hotel, Gardermoen**

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor.

Programmet

Program (pdf) legges ut senere

Kontrollutvalget – roller og samspill

Mange er ferske i kontrollutvalget og de trenger kunnskap om utvalgets rolle og hvordan utvalget skal opptre i samspill med andre aktører som har ansvar for kontroll i kommunene. Vi inviterer representanter fra både kontrollutvalg og revisjon, ordfører og kommunedirektør til samtale og refleksjon rundt tema «Kontrollutvalget – roller og samspill».

Habilitet og tillit

Høsten 2023 har nyhetsbildet vært preget av ulike habilitetssaker og spørsmål om innsideinformasjon. Hvordan påvirkes tilliten til politikerne av dette? Er det grunn til å se nærmere på tilsvarende problemstillinger i lokalpolitikken?

Henvendelser og varsling

Kontrollutvalget kan erfare å ta imot henvendelser om mer eller mindre konkrete kritikkverdige forhold. Hvordan skal kontrollutvalget håndtere slike henvendelser? Og hva med varsling – har kontrollutvalget noe med det å gjøre?

Økonomisk bærekraft

Har kommunen din en bærekraftig økonomi? Hvordan kan kontrollutvalget finne ut det? Har kontrollutvalget et ansvar her?

Vi vil også vise fram gode eksempler på forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Deltakeravgift: Medlemmer kr. 7 900, andre kr. 8 400

Påmeldingsfrist: 29. april